



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

ÅRSMELDING

2019



Finansielt utsyn 2019

Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blei presenterte i den halvårlege rapporten *Finansielt utsyn* i juni og desember.

INNHALD

I	LEDELSENS BERETNING	4
II	INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	7
	Leiling, personale og organisasjon	8
	Kommunikasjon	18
	Internasjonalt samarbeid	20
III	ÅRETS AKTIVITETER OG RESULTATER	23
	Rapportering av måloppnåelse	24
	Rapport fra tilsynsområdene	30
	Bank og finans	30
	IKT og betalingstjenester	42
	Forsikring og pensjon	45
	Verdipapirområdet	52
	Infrastruktur	55
	Markedsatferd	58
	Verdipapirforetak	60
	Fond og kollektive investeringer	63
	Prospektkontroll – omsettelige verdipapirer	66
	Regnskapstilsyn – noterte foretak	68
	Revisjon	70
	Regnskapsførervirksomhet	74
	Eiendomsmegling	78
	Inkassovirksomhet	82
	Tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering	85
	Forbrukarvern	88
	Aktuelle tema	90
	Finanstilsynets regulatoriske sandkasse for fintech	90
	Berekraftig finans – klimarisiko	90
	Gjeldsinformasjonsverksemd	91
	Lovbrottsgebyr og leiingskarantene	91
IV	STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	92
V	VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	96
VI	ÅRSREKNESKAP	99



LEDELSENS BERETNING

LEDELSENS BERETNING

Finanstilsynets hovedmål er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerende markeder. Kjerneoppgaven er å føre tilsyn med konsesjonspliktig virksomhet. Høyest mulig samlet måloppnåelse søkes oppnådd gjennom risikobasert tilsynsvirksomhet og arbeid med regelverksutredning og -forvaltning som så langt som mulig er tilpasset regelverkets betydning for måloppnåelsen. Finanstilsynet har i hovedsak løst oppgavene i tråd med Finansdepartementets tildelingsbrev og planene som ble lagt for virksomheten i 2019.

Felles europeisk finansmarkedslovgivning og deltakelse i det europeiske tilsynssamarbeidet gir viktige premisser og forpliktelser for Finanstilsynet. Lovgivningen, som i hovedsak er fullharmonisert i EØS, utvikles kontinuerlig og gir begrenset rom for nasjonale valg. Ny lovgivning har også tilført Finanstilsynet nye, omfattende oppgaver. Finanstilsynet er for eksempel utpekt som norsk krisehåndteringsmyndighet for banker ved gjennomføringen av det europeiske krisehåndteringsdirektivet i norsk rett og har fått utvidet tilsynsansvar innenfor flere områder, blant annet antihvitvaskingslovgivningen.

Samarbeidet i de felles europeiske tilsynsmyndighetene var i de første årene etter etableringen i 2011 i stor grad rettet inn mot å utvikle utfyllende regler til den nye europeiske finansmarkedslovgivningen som ble vedtatt i kjølvannet av finanskrisen. Senere er arbeidet i økende grad blitt rettet inn mot å harmonisere tilsynspraksis i medlemslandene. Harmoniseringen innebærer blant annet utvikling av felles tilsynsmetodikk og rapporteringskrav, samt gjennomføring av fagfellevurderinger og felles tilsynsaktiviteter.

På hvert enkelt område innenfor tilsynssamarbeidet stilles det store krav til de nasjonale tilsynsmyndighetenes deltakelse. Finanstilsynet er forpliktet til å delta i dette arbeidet. Samtidig må ambisjonene for deltakelsen på de ulike områdene avveies og tilpasses Finanstilsynets ressursramme, slik at samlet måloppnåelse blir best mulig.

Finanstilsynsloven er fra 1956. I den tiden loven har virket, har finansmarkedene, finansmarkedslovgivningen og tilsynsvirksomheten endret seg vesentlig. Særlig har lovgivningen og tilsynssamarbeidet i EØS hatt stor innvirkning på Finanstilsynets virksomhet. Tilsynets forpliktelser og virkemidler er i stor grad dekket av ny finansmarkedslovgivning, der EØS-retten blant annet

stiller krav til tilsynsmyndighetens virksomhet og uavhengighet. Tiden er derfor moden for å revidere finanstilsynsloven slik at den tilpasses de nye rammebetingelsene for tilsynets virksomhet. Finanstilsynet har foreslått for Finansdepartementet at det settes ned et utvalg for å gjennomgå loven.

Å rekruttere, utvikle og beholde høyt kvalifiserte medarbeidere er avgjørende for at Finanstilsynet skal løse oppgavene på en god måte. Virksomheten krever spisskompetanse innenfor mange fagområder, og Finanstilsynet er til dels utsatt for sterk konkurranse om den arbeidskraften tilsynet er avhengig av. Finanstilsynet har så langt hatt rimelig grad av stabilitet i arbeidsstokken, men erfaringer fra andre land viser at tilsynsvirksomheten er sårbar ved høy utskiftingstakt.

Som statlig virksomhet har Finanstilsynet begrensede muligheter til å tilby lønnsbetingelser på linje med det mange av medarbeiderne kan få hos private arbeidsgivere. Finanstilsynets viktigste fortrinn i et konkurranseutsatt arbeidsmarked er samfunnsoppdraget og oppgavene som følger med dette. I tillegg er det viktig å kunne tilby medarbeiderne et godt sosialt og faglig arbeidsmiljø med gode digitale verktøy.

Finanstilsynet har høye ambisjoner for digitalisering av virksomheten. Digitalisering er viktig for ytterligere å effektivisere og øke kvaliteten på arbeidet gjennom bedre samhandling, informasjonsforvaltning og analyse. Digitalisering skal også bidra til å gjøre rapportering til, og kommunikasjon med, Finanstilsynet lettere for virksomheter under tilsyn og for publikum som benytter Finanstilsynets data. Finanstilsynet fastsatte før årsskiftet en digitaliseringsstrategi med mål, prinsipper og planer for digitaliseringsarbeidet de neste årene.

Bruk og utvikling av informasjonsteknologi har lenge preget finansnæringen. Det har bidratt til effektivisering og bedre tilbud til kundene. Digitalisering og nye forretningsmodeller, ofte drevet fram av aktører utenfor den tradisjonelle finansnæringen, bidrar til skjerpet konkurranse til fordel for kundene. Det kan imidlertid også innebære nye risikofaktorer for så vel enkeltkunder som det finansielle systemet. Tilsynsmyndigheter i mange land følger derfor denne utviklingen tett. Som ledd i informasjons- og veiledningsarbeidet overfor såkalt fintech-virksomhet, har Finanstilsynet etablert en

regulatorisk sandkasse der virksomheter gis mulighet til å prøve ut nye teknologier og tjenester under oppfølging av Finanstilsynet. Et viktig formål med dette initiativet er også å gi tilsynet bedre innsikt i hvordan ny teknologi kan brukes i finansnæringen, og muligheter og risiko forbundet med dette.

Konsekvenser av klimaendringer har gjennom det siste året fått økt oppmerksomhet i det internasjonale finansmarkedet, både i finansnæringen og blant tilsynsmyndigheter. Finansnæringen berøres av klimarisiko i form av både fysiske klimaendringer og risiko knyttet til omstillingen av økonomien til lavere klimagassutslipp. Det er viktig at næringen fanger opp og håndterer denne risikoen på en god måte, slik at den opprettholder tilstrekkelig soliditet, priser relevant risiko og ivaretar kundenes interesser. Slik vil finansnæringen også bidra til nødvendig omstilling til et lavutslippssamfunn.

Prinsipielt bør klimarisiko behandles som annen risiko i finansmarkedet. Den tilhørende finansielle risikoen kan imidlertid i begrenset grad modelleres og anslås på grunnlag av historiske data. Finanstilsynsmyndigheter, sentralbanker og andre berørte myndigheter må derfor bidra til å utvikle analyser og regelverk som kan fange opp relevant klimarisiko i finansmarkedene, og det pågår nå et omfattende internasjonalt samarbeid om dette. Finanstilsynet prioriterer arbeidet med klimarisiko gjennom å delta i internasjonalt arbeid og integrere klimarisiko i tilsynsvirksomheten.

Utviklingen i norsk økonomi er god, og det forventes en god utvikling de nærmeste årene. Høy husholdningsgjeld og høye eiendomspriser utgjør imidlertid fortsatt en betydelig systemrisiko for norsk økonomi og det norske finansmarkedet. Veksten i husholdningenes gjeld har avtatt noe, men en stor del av nye lån tas opp av husholdninger med svært høy gjeldsgrad. Boligprisene vokser moderat, men fra et høyt nivå. I tillegg utgjør faren for internasjonale handelskonflikter og fornyet finansuro en betydelig risiko for norsk økonomi og det finansielle systemet. Verdensøkonomien kan også bli utsatt for andre sjokk, som for eksempel en ny, alvorlig viruspandemi. Utbruddet av koronaviruset viser at de negative realøkonomiske konsekvensene kan komme raskt.

Norske banker er solide og lønnsomme. Det er viktig for å kunne møte et eventuelt økonomisk tilbakeslag og ny finansuro med tilhørende tap. I tillegg må bankene ha styrke til å møte marginpress som følge av skjerpet konkurranse og kunne håndtere operasjonell risiko blant annet knyttet til digital sårbarhet og manglende regelverksetterlevelse. Lovbrudd knyttet til antihvitvaskingslovgivningen og kravene til god forretningsskikk medfører risiko for bøter og erstatningskrav, og for inntekts- tap som følge av svekket omdømme. Internasjonalt er det mange eksempler på banker som er påført slike tap.

Flere hvitvaskingskandaler i det europeiske bankmarkedet har bidratt til at europeiske tilsynsmyndigheter trapper opp tilsynet med foretakenes etterlevelse av antihvitvaskingsregelverket. Finanstilsynet økte tilsynsaktiviteten på dette området vesentlig gjennom 2019 og

har i den nye antihvitvaskingsloven fått, og tatt i bruk, nye virkemidler for å håndheve lovens krav.

Etter flere år med sterk vekst falt veksten i husholdningenes forbrukslån kraftig gjennom 2019. Forskriftsregulering av utlånspraksis ble innført, og gjeldsinformasjonsforetak kom i virksomhet i fjor sommer. Dette vil bidra til å forebygge at husholdninger tar opp forbrukslån de ikke er i stand til å betjene. Lønnsomheten innenfor dette segmentet har vært svært god, og har vært en viktig drivkraft bak utlånsveksten. Selv om tapene så langt har vært moderate i forhold til rentemarginen på slike lån og utlånsveksten har falt, kan framtidige tap være betydelig undervurdert. Misligholdet er høyt og økende, og det kan komme betydelige tap på forbrukslån i tiden framover. Finanstilsynet har søkt å ta høyde for dette ved fastsettelsen av de særskilte kapitalkravene som stilles til den enkelte bank.


Børsens rolle i det norske verdipapirmarkedet er vesentlig endret siden begynnelsen av 2000-tallet. Verdipapirer handles i stor grad på markedsplasser utenfor børsen der de er notert, og handels- og oppgjørprosessen er effektivisert. Myndighetsutøvelse på verdipapiriområdet som tidligere var lagt til børsen, er flyttet til Finanstilsynet. En velfungerende Oslo Børs er likevel avgjørende for et velfungerende norsk verdipapirmarked der næringslivet kan hente kapital og verdipapirer prises og omsettes effektivt.

I 2019 ble Oslo Børs kjøpt opp av det europeiske børskonsernet Euronext. Børsens store betydning i det norske finansmarkedet endres ikke av nytt eierskap. Tilsynet med Oslo Børs og infrastrukturen i verdipapirmarkedet vil derfor fortsatt være en prioritert oppgave for Finanstilsynet.

Oslo, 24. februar 2020

Finn Arnesen
styreleder

Morten Baltzersen
finansstilsynsdirektør



**INTRODUKSJON TIL
VERKSEMDA OG HOVUDTAL**

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Rolla og oppgåvene til Finanstilsynet

Finanstilsynet er eit sjølvstendig myndigheitsorgan som arbeider med grunnlag i lover og vedtak frå Stortinget, regjeringa og Finansdepartementet. Finanstilsynet deltek òg i eit omfattande internasjonalt samarbeid. Gjennom EØS-avtalen blir finansmarknadsregelverket til EU gjennomført i norsk rett.

Gjennom tilsyn med føretak og marknader skal Finanstilsynet bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader og til at brukarane kan ha tillit til at finansielle avtalar og tenester blir følgde opp slik dei skal.

Finanstilsynet kontrollerer korleis føretaka driv verksemda i finansmarknaden, om dei er solide og kan tole skiftande økonomiske forhold, og om dei har eit akseptabelt risikonivå.

Lovgrunnlag

Finanstilsynet sitt formål etter finanstilsynslova § 3:

«Tilsynet skal se til at de foretak det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for foretakenes opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at foretakene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbrukernes interesser og rettigheter.»

Strategi

Finanstilsynet gjennomgår kvart fjerde år strategien for verksemda. Strategien er eit viktig grunnlag for løpande prioritering og styring av verksemda til tilsynet. Saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er strategien utgangspunktet for dei årlege planane for verksemda. Tilsynet vedtok ein ny strategi for perioden 2019–2022 som blei fastsett av styret til Finanstilsynet 18. desember 2018. Styret fastsette ein digitaliseringsstrategi for Finanstilsynet 16. desember 2019. Sjå omtale i kapittel IV *Styring og kontroll av verksemda*, side 92.

Hovudmål

Hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Delmål 2019–2022

I strategien for 2019–2022 er det formulert seks delmål, slik at ein lettare kan operasjonalisere hovudmåla og evaluere verksemda. Delmåla er nytta i rapporteringa av måloppnåing i 2019, sjå omtale på side 24–29. Delmåla er:

1. Solide og likvide finansføretak
2. Robust infrastruktur
3. Investorvern
4. Forbrukarvern
5. Effektiv krisehandtering
6. Kriminalitetsnedkjemping

Verkemiddel

Verksemda til Finanstilsynet er omfattande, og ulike verkemiddel bidreg til å oppfylle måla til tilsynet. Verkemidla blir nytta enkeltvis eller i kombinasjon, og dei kan delast inn i fire hovudgrupper:

- Tilsyn, overvaking og kontroll
- Forvaltning
- Regelverksutvikling
- Informasjon og kommunikasjon

Leiing

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret har fem medlemmer. Medlemmene og varamedlemmene blir oppnemnde av Finansdepartementet for ein periode på fire år. I tillegg deltek éin observatør frå Noregs Bank, som òg er oppnemnd av Finansdepartementet. Frå 1. mars 2018 er Finn Arnesen styreleiar i Finanstilsynet.

Den daglege leiinga blir utført av finanstilsynsdirektøren, som blir oppnemnd for eit årsmål på seks år om gongen. Morten Baltzersen har vore finanstilsynsdirektør sidan 15. august 2011, og han tok til på det andre årsmålet i august 2017. Direktøren rådfører seg med ei leiargruppe som består av avdelingsdirektørane for tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren.



Styresamansetnaden frå 1. mars 2018:

Finn Arnesen

leiar

professor ved Nordisk institutt for sjørett, tidlegare leiar for Senter for europarett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Giuditta Cordero-Moss

nestleiar

professor ved Institutt for privatrett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Mette Bjørndal

styremedlem

professor ved Institutt for føretaksøkonomi, Noregs Handelshøgskole

Kjetil Wibe

styremedlem

advokat ved Advokatene Rege & Wibe

Arne Skauge

styremedlem

pensjonist, tidlegare administrerende direktør i Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)

Thorunn Falkanger

første varamedlem

førstelektor ved Institutt for rettsvitenskap og styring, Handelshøgskolen BI

Bjørn Arild Gram

andre varamedlem

ordfører i Steinkjer kommune

Sindre Weme

observatør

direktør i bankanalyse i Noregs Bank

Ylva Søvik

varaobservatør

assisterende direktør i bankanalyse i Noregs Bank

To representantar som er valde av og blant dei tilsette, deltek i styrebehandlinga av administrative saker.

Desse representerte dei tilsette frå 26. mars 2019:

Marit Skjevling, tilsynsrådgivar

Eirik Ihlen, senior tilsynsrådgivar

Desse representerte dei tilsette fram til 26. mars 2019:

Inga Baadshaug Eide, senior tilsynsrådgivar

Johan Fredrik Øhman, tilsynsrådgivar

Vararepresentantar var tilsynsrådgivar **Elise Ødegård**, rådgivar **Jim Signor Grimnes** og seniorrådgivar **Alfred Ødegård**.

I 2019 hadde styret 11 ordinære styremøte. Styret avgjorde 28 administrative saker og 69 fagsaker. I tillegg fekk styret 29 administrative saker og 44 fagsaker til skriftleg orientering. Styret får òg munnleg orientering om aktuelle saker.

Frå venstre:

Mette Bjørndal

Eirik Ihlen

Giuditta Cordero-Moss

Arne Skauge

Marit Skjevling

Finn Arnesen

Sindre Weme

Thorunn Falkanger

Bjørn Arild Gram

Kjetil Wibe

Foto:

Jarle Nytingnes



Leiargruppa i Finanstilsynet

Morten Baltzersen

finansstilsynsdirektør

Ann Viljugrein

direktør for bank- og forsikringstilsyn

Anne Merethe Bellamy

direktør for marknadstilsyn

Per Mathis Kongsrud

direktør for digitalisering og analyse

Cecilie Ask

juridisk direktør

Gun Margareth Moy

administrasjonsdirektør

Lisbeth Strand

kommunikasjonsdirektør

(begynte 1. november 2019)

Fram til 1. november 2019 var **Kjetil Karsrud** kommunikasjonsdirektør.

Frå venstre:

Ann Viljugrein
Anne Merethe Bellamy
Gun Margareth Moy
Morten Baltzersen
Per Mathis Kongsrud
Cecilie Ask
Lisbeth Strand

Foto:

Jarle Nytingnes

Konsesjonspliktige føretak under tilsyn

- bankar
- finansieringsføretak
- kredittføretak
- sparebank- og finansstiftingar
- gjeldsinformasjonsføretak
- betalingsføretak
- e-pengeføretak
- opplysningsfullmektigar
- forsikringsføretak
- forsikringsformidlarar
- pensjonsføretak
- regulerte marknader (inkl. børsar)
- sentrale motpartar
- verdipapirsentralar
- verdipapirføretak
- forvaltningsselskap for verdipapirfond
- forvaltarar av alternative investeringsfond
- revisorar og revisjonsselskap
- rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap
- eigedomsmeklarar og eigedomsmeklingsføretak
- inkassoføretak
- administratorar av referanseverdier

Enkelte andre tilsynsoppgåver

- krisehandteringsmyndigheit
- makrotilsyn og -regulering
- kontroll med prospekt – omsettelege verdipapir
- kontroll av finansiell rapportering frå noterte føretak
- tilsyn med handel og marknadsåtfærd i verdipapirmarknaden
- tilsyn med ulike sider av derivatmarknaden
- tilsyn med fastsetjing av og bruk av referanse-renter o.a.
- tilsyn med IKT og system for betalings-tenester og finansiell infrastruktur
- etterleving av kvitvaskingsregelverket for mellom anna tilbydarar av verksemdstenester og tilbydarar av vekslings- og oppbevarings-tenester for virtuell valuta, i tillegg til føretak under tilsyn

Personale og organisasjon

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg for å vidareutvikle organisasjonen i tråd med nasjonale føringar og eigne behov. Finanstilsynet legg vekt på tiltak for å rekruttere, behalde og vidareutvikle dyktige medarbeidarar og leiarar. Finanstilsynet legg òg vekt på intern mobilitet for å auke den totale kompetansen om verksemda.

Direktørane i Finanstilsynet har gjennomført ei såkalla 360 gradar evaluering, og det var ei tilsvarande evaluering av seksjonssjefane på nyåret 2020. Digitalt verkøy for støtte til medarbeidersamtale blei gjennomgåande nytta for første gong, og innhald og vidare bruk skal evaluerast i kommande år. Finanstilsynet deltok i dei sentralt initierte prosjekta «Blind rekruttering» og «Inkluderingsdugnaden», der målet var å bli bevisst faren for fordommar i rekruttering og å nå målet om at talet på tilsette med manglar i CV-en eller nedsett funksjonsevne skal vere 5 prosent av det samla talet på nyttilsette.

Finanstilsynet hadde ei utskifting på 8,4 prosent i 2019, opp frå 6,5 prosent i 2018. Tilsynet har hatt rekrutteringsvekst i fleire år og hadde 35 kunngjeringar i 2019. Fleire av kunngjeringane omfatta meir enn éi stilling, og enkelte stillingar blei kunngjorde fleire gonger før nokon blei tilsett.

Finanstilsynet profilerer seg overfor målgruppene det rekrutterer frå, og nyttar alternative rekrutteringsmetodar for at organisasjonen skal kunne skaffe seg den rette kompetansen. På enkelte fagområde har det vore vanskeleg å rekruttere kvalifiserte medarbeidarar.

Verksemda til Finanstilsynet krev både tverrfagleg kompetanse og spisskompetanse på dei ulike tilsynsområda. Dei største utdanningsgruppene er samfunns- og siviløkonomar, juristar og revisorar.

Fakta

Finanstilsynet hadde 305 faste stillingar ved utgangen av 2019, mot 298 eitt år tidlegare. Talet på tilsette ved utgangen av 2019 var 320, mot 302 ved utgangen av 2018. Dette inkluderer korttidsengasjement, som timelønna, studentengasjement og andre mellombels tilsette, som utgjer totalt 29 tilsette. Justert for deltidstillingar var talet på avtalte årsverk 292 i 2019, mot 282 i 2018. Talet på utførte årsverk var då 279 i 2019, mot 257 i 2018. Utførte årsverk er avtalte årsverk, tillagd overtid m.m., men etter fråtrekk av frávær utanom ferie/avspasering. Kjønnfordelinga i tilsynet var 50,5 prosent menn og 49,5 prosent kvinner per 31. desember 2019. Ved utgangen av 2019 var det fem kvinner og to menn i leiargruppa. Blant seksjonssjefane var fordelinga 39 prosent menn og 61 prosent kvinner.


Lønna til direktøren var 1 690 000 kroner ved utgangen av 2019. Fast årleg honorar til styreleiaren var 278 800 kroner, til nestleiaren 188 300 kroner og til styremedlemmene 163 100 kroner. Til første varamedlem var honoraret 137 300 kroner, og til andre varamedlem var det 115 100 kroner.

Sjukefráværet held seg lågt og var på 4,9 prosent i 2019, mot 4,2 prosent i 2018. Målet for verksemda er 3,5 prosent sjukefrávær. Finanstilsynet er ei IA-verksemd og følgjer opp langtidssjukmelde og set om nødvendig inn tiltak mot hyppig korttidsfrávær.

Figuren viser alderssamansetnaden blant dei tilsette i Finanstilsynet. Tala inkluderer fast tilsette, mellombels tilsette, åremål og engasjement – uavhengig av stillingsprosent.

Figur 1: Alderssamansetnad


Kilde: Finanstilsynet/SAP



Tabell 1: Hovudtal

	2018	2019
Tal på årsverk	257	279
Samla tildeling post 01–99	kr 414 514 000	kr 448 985 000
Utnyttingsgraden på post 01–29	96,09 %	97,68 %
Sum utbetalingar til drift	kr 381 580 822	kr 426 821 082
Lønnsdel av utbetalingar til drift	72,00 %	73,36 %
Lønn per utførte årsverk	kr 1 068 982	kr 1 122 242

«Lønnsutgifter per årsverk» er summen av lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonsutgifter, andre ytingar som velferd, personforsikringar o.a. Før summen blir delt på årsverk, blir refusjonar som gjeld lønn, trekte frå. Sjå òg kapittel VI *Årsrekneskap* på side 106 i note 2: Utbetalingar til lønn til tabell 12: Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2019.

Figur 2: Dokumentbehandling

Talet på registrerte saksdokument til og frå Finanstilsynet gjekk ned med 3287 frå 2018 til 2019.

Figur 2 viser talet på dokument per område. Årsaka til nedgangen på verdipapirområdet er færre registrerte meldingar om UCITS-verdipapirfond. Samtidig var det ein auke i saksdokument på finans- og forsikringsområdet grunna fleire registreringar og meldeplikt for nye tilsynsgrupper, førespurnader frå privatpersonar og føretak om den nye kvitvaskingslova, nytt betalingstenestedyrtiv (PSD 2) og obligatorisk tenestepensjon (OTP). Årsaka til auken på rekneskaps- og revisjonsområdet er eit dokumentbasert tilsyn med rekneskapsførarar og

rekneskapsførarselskap og korrespondanse med desse, mellom anna i samband med sletting av konsesjonar. I tillegg var det fleire konsesjonssaker.

Dokumentinnsyn hos Finanstilsynet

I 2019 fekk Finanstilsynet førespurnad om innsyn i til saman 4113 dokument. Dette var ein auke frå 4034 dokument i 2018. 1507 dokument blei ikkje utleverte fordi dei var heilt unnatekne frå offentleg innsyn. Dei fleste innsynsbestillingane kjem via den offentlege elektroniske postjournalen elnnsyn.no, som er felles for alle statlege etatar.

Tabell 2: Oversikt over føretak under tilsyn per 31. desember 2019

	2015	2016	2017	2018	2019
Sparebankar	104	125	126	126	122
Forretningsbankar	22				
Finansieringsføretak	57	25	24	28	30
Kredittføretak ²		34	33	33	32
Filialar i utlandet av norske bankar og andre kredittinstitusjonar ³	7	18	18	12	27
Filialar i Noreg av utanlandske bankar og kredittinstitusjonar	41	39	39	35	32
Sparebank- og finansstiftingar	25	30	33	33	34
Betalingsføretak	15	15	19	16	15
E-pengeføretak	4	6	7	6	6
Opplysningsfullmektigar					0
Livsforsikringsføretak	13	13	12	12	11
Skadeforsikringsføretak, inkl. brannkassar	60	59	58	56	55
Sjøtrygdslag	9	6	6	5	5
Filialar i utlandet av norske forsikringsføretak	13	13	13	8	15
Filialar i Noreg av utanlandske forsikringsføretak	32	29	29	28	29
Forsikringsformidlingsføretak ⁴	102	107	107	101	112
Private pensjonskassar	49	48	47	50	50
Kommunale pensjonskassar	39	39	37	37	37
Innskotspensjonsføretak	1	1	1	1	1
Pensjonsfond	4	4	1	1	1
Holdingsføretak	14	17	13	15	15
Verdipapirføretak	114	107	106	96	101
Filialar i Noreg av utanlandske verdipapirføretak	22	19	19	22	23
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	30	31	29	29	29
Forvaltningar av alternative investeringsfond	15	35	37	40	40
Registrerte forvaltningar av alternative investeringsfond	51	67	110	107	128
Sentrale motpartar ⁵ (tidl. oppgjerssentralar)	3	4	–	–	–
Verdipapirsentralar	1	1	1	1	1
Regulerte marknader, inkl. børsar	5	5	5	5	5
Administrator av finansielle referanseverdiar ⁶			1	1	1
Revisorar	7 380	7 570	7 807	7 933	8 128
Revisjonsselskap	516	494	447	447	458
Rekneskapsførarar	11 558	11 185	11 350	11 606	11 626
Rekneskapsførarselskap	2 835	2 785	2 827	2 772	2 708
Eigedomsmeklarføretak	500	503	510	506	504
Advokatar med eigedomsmekling i eigen praksis	1 238	1 164	1 160	1 056	951
Framandinkassoføretak	100	103	99	101	93
Oppkjøpsføretak – inkasso	4	3	7	8	4
Gjeldsinformasjonsføretak ⁷					3

¹ Frå 2016 blir forretningsbankar og sparebankar rekna saman i kategorien «bankar».

² Frå 2016 er kategorien «finansieringsføretak» delt i kategoriane «finansieringsføretak» og «kredittføretak».

³ Frå 2019 inkluderer registreringa fleire konsesjonstypar enn i tidlegare år.

⁴ Forsikringsagentføretak som distribuerer forsikringar berre for forsikringsføretak med kontorstad i Noreg, er ikkje inkluderte i denne oversikta. Aksessoriske forsikringsagentar, det vil seie føretak som har forsikringsformidling som ei sideverksemd, er heller ikkje inkluderte.

⁵ Etter ei endring i verdipapirhandellova 1. juli 2017 og med innføringa av den europeiske marknadsinfrastrukturforordninga (EMIR) er ikkje lenger utanlandske sentrale motpartar under tilsyn av Finanstilsynet. Sentrale motpartar kan likevel halde fram med å drive verksemd i Noreg i kraft av å ha løyve etter EMIR frå myndigheita i heimlandet.

⁶ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2017.

⁷ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019. Sjå omtale på side 91.

Finanstilsynet hadde ved utgangen av 2019 i tillegg kontroll med den finansielle rapporteringa til 282 noterte føretak og tilsyn med 417 verdipapirfond.

Tabell 3: Stadlege tilsyn fordelt på føretakstypar – inkludert IT-tilsyn

	2015	2016	2017	2018	2019
Bank og finans	54	53	42	35	64
Betalingsføretak og e-pengeføretak	1	3	–	2	2
Livsforsikringsføretak	3	4	7	4	3
Skadeforsikringsføretak	6	8	9	6	4
Forsikringsformidlingsføretak	2	3	5	1	3
Pensjonsføretak	2	2	3	1	4
Verdipapirføretak	17	8	12	14	7
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	2	2	–	2	3
Forvaltarar av alternative investeringsfond	–	–	3	1	2
Depotmottakarar					1
Infrastrukturføretak	1	4	3	4	4
Revisorar	40	32	41	16	13
Rekneskapsførarar	43	40	57	63	47
Eigedomsmeklarar	37	29	25	21	16
Inkassoføretak	6	7	6	4	0

Det låge talet på tilsyn i kategorien «Bank og finans» i 2018 skriv seg mellom anna frå at tematilsyn som blei førebudde hausten 2018, først blei gjennomførte tidleg i 2019, og at Finanstilsynet hadde færre tilsyn enn i 2017 med føretak som nyttar interne modellar (IRB) for å berekne kapitalkrav for kredittrisiko for hovuddelen av utlånsporteføljane sine.

Finanstilsynet sin organisasjon

Oppdatert per 31.12.2019



Kommunikasjon

Finanstilsynet har mange ansvarsområde som er regulerte av omfattande regelverk og med komplekse saksforhold som krev tydeleg og konsekvent formidling frå tilsynet. Kommunikasjonstiltaka til Finanstilsynet rettar seg i første rekkje mot føretaka og bransjane som Finanstilsynet har tilsyn med, men òg mot ulike myndigheiter, media og allmenta.

Finanstilsynet har eit omfattande kontaktnett og eit godt samarbeid med andre myndigheiter i Noreg og i EØS-landa, og med ulike bransje- og interesseorganisasjonar. Tilsynet har òg faste møte med dei største føretaka under tilsyn. Finanstilsynet gjennomfører brukarundersøkingar hos føretak under tilsyn med jamne mellomrom og årlege omdømmemålingar hos allmenta for å hente inn synspunkt på korleis tilsynet utøver verksemda si.

Kommunikasjon med føretaka i finanssektoren

Konferansar og seminar

Finanstilsynet arrangerer fleire konferansar og seminar i løpet av året retta mot næringa og media. Leiargar og andre tilsette i Finanstilsynet held òg ei rekkje foredrag på konferansar og seminar gjennom året i regi av bransjeorganisasjonar og føretak under tilsyn om regelverksutvikling, tolking av regelverk og kva Finanstilsynet legg vekt på i utøvinga av tilsyn.

Finanstilsynet arrangerte fem seminar/konferansar for finansnæringa i 2019:

- seminar om IKT-infrastruktur i finanssektoren, arrangert saman med Noregs Bank
- seminar om aktuelle tema i verdipapirmarknaden for verdipapirføretak, forvaltningsselskap for verdipapirfond, forvaltarar av alternative investeringsfond og depotmottakarar
- seminar om krav til finansiell rapportering og løpande informasjonsplikt for noterte føretak
- seminar om aktuelle tilsynsystema for forsikringsføretak
- kvitvaskingskonferansen saman med Finans Norge og Økokrim

Rundskriv og tilrådingar

Rettleiingar til regelverk og saker som føretaka og bransjane må ta omsyn til, blir oftast formidla gjennom rundskriv. I 2019 distribuerte Finanstilsynet 15 rundskriv, mot 6 i 2018. Rundskriva frå Finanstilsynet blir òg publiserte på Lovdata Pro. Føretaka og bransjane må òg ta omsyn til tilrådingar frå finanstilsynsmyndigheitene i EU. Finanstilsynet vurderer om slike tilrådingar er relevante for Noreg, og publiserer informasjon om desse på nettstaden.

Mediekontakt

Mediedekninga av Finanstilsynet var i 2019 prega av mange saker om oppfølginga av kvitvaskingsregelverket i bankane og kravet til gyldig legitimasjon. Tilsyna i bankar som har forbrukslån som hovudprodukt, fekk mykje merksemd. Det same gjaldt forskrifta for bustadlån og bustadlånundersøkinga hausten 2019. Klimarisiko i føretaka og «grønvasking», som inneber at selskap og verdipapir blir marknadsførte som berekraftige utan at dette er tilstrekkeleg dokumentert, fekk òg merksemd. Finanstilsynet publiserte 17 pressemeldingar i 2019, mot 23 i 2018. Medieovervakingsselskapet Infomedia registrerte 6090 oppslag der Finanstilsynet var nemnt, mot 6110 oppslag i 2018.

Finanstilsynet arrangerte fire pressekonferansar i 2019, som òg blei overførte på nett-TV:

- I juni og desember la tilsynet fram rapporten *Finansielt utsyn*.
- I mai la tilsynet fram rapporten *Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)* om bruken av IKT i finanssektoren.
- I november presenterte tilsynet resultatata frå bustadlånundersøkinga.

Nettstaden til Finanstilsynet

Nettstaden til Finanstilsynet, finansstilsynet.no, er hovudkanalen for informasjon frå Finanstilsynet. Der finn ein informasjon om regelverk, konsesjonskrav, rapportering frå føretaka, tilsynsrapportar og aktuelle tema på dei ulike tilsynsområda. Større rapportar og sentrale lover og forskrifter er omsette til engelsk og er òg tilgjengelege på nettstaden. Nettstaden er mobiltilpassa. I 2019 oppgraderte tilsynet søkjemotorfunksjonen på nettstaden og gjorde andre brukartilpassingar. Tilsynet gjennomførte ei kvantitativ brukarundersøking som viste at 62 prosent av brukarene er nøgde med nettstaden.

I 2019 gjekk det samla besøkstalet for nettstaden opp 45 prosent til 978 992, frå 674 800 i 2018.

Den mest brukte tenesta på nettstaden er Finanstilsynets verksemdsregister. Det er eit søkbart register over alle verksemdar og personar som Finanstilsynet har tilsyn med, eller som er forplikta til å vere registrerte hos Finanstilsynet.

Nettstaden har ei abonnementssteneste der brukarane kan melde seg på eit nyheitsvarsel for ulike fagområde. I 2019 auka talet på abonnentar med 2188 til 7575 – opp 40 prosent. Dette samsvarer med auken i brukartrafikk inn på nettstaden.

Finanstilsynet har òg ein profil på LinkedIn og éin på Twitter, men deltek ikkje i diskusjonar på sosiale medium. I desse kanalane informerer tilsynet om stillingsutlysingar, nyheiter, publikasjonar o.a.

Varslingsportal

I 2019 lanserte Finanstilsynet ein digital varslingsportal for mottak av eksterne varslar om brot på lovgivinga som er forvalta av Finanstilsynet. Portalen legg til rette for mellom anna varsling om mistanke om brot på reglane om marknadsmisbruk i verdipapirhandellova, som mistanke om innsidehandel, marknadsmanipulasjon eller ulovleg spreieing av innsideinformasjon.

Internasjonalt samarbeid

Finansmarknadene er internasjonale, og prinsipp for regelverk og tilsyn blir utarbeidde globalt og i EU. Finanstilsynet samarbeider derfor med andre myndigheter både globalt og innanfor EØS om tilsynet med finansmarknadene og finansføretaka. Eit viktig formål med tilsynssamarbeidet på tvers av landegrensene er å kunne identifisere risikofaktorar i føretak og marknader i den internasjonale finansmarknaden på eit tidleg tidspunkt. Tilsynssamarbeidet gjer det òg mogleg å setje i verk samordna tiltak for å handtere risiko.

Globalt samarbeid

Statar og myndigheter samarbeider globalt for å utvikle prinsipp for regelverk og tilsyn med finansføretak og finansmarknader. Finanstilsynet deltek i ei rekkje internasjonale organisasjonar og arbeidsgrupper, sjå oversikta på side 22. Fleire av dei er nærmare omtalte på nettstaden til Finanstilsynet.

IMF sin gjennomgang av det norske finansielle systemet

Det internasjonale valutafondet (IMF) går regelmessig gjennom dei finansielle systema til medlemslanda etter sitt «Financial Sector Assessment Program» (FSAP).

Med dette programmet vurderer IMF:

- dei viktigaste risikoane og sårbarheitene i det finansielle systemet på kort sikt. Stresstesting av banksystemet er ein viktig del av denne vurderinga.
- myndighetene sin politikk for å sikre finansiell stabilitet gjennom reguleringar og
- myndighetene sitt høve til å handtere og løyse ei finansiell krise

IMF vurderte Noreg i 2019, med besøk i mai og oktober og eit avsluttande besøk i januar/februar 2020. Rapportane frå arbeidet vil etter planen bli behandla i styret til IMF sommaren 2020. Finanstilsynet hadde i 2019 ei rekkje møte med IMF under besøka i mai og oktober og bidrog med informasjon og data til IMF. Under besøka i 2019 og 2020 hadde IMF òg møte med Finansdepartementet, Noregs Bank, Økokrim, Finans Norge, Bankenes sikringsfond og utvalde føretak som Finanstilsynet har tilsyn med.

Samarbeid mellom finanstilsyna i EØS

I 2019 prioriterte Finanstilsynet samarbeidet i EØS framfor anna internasjonalt samarbeid (globalt), og særleg samarbeidet med dei europeiske finanstilsynsmyndighetene:

- European Banking Authority (EBA)
- European Securities and Markets Authority (ESMA)
- European Insurance and Occupational Pensions Authority (EIOPA)
- European Systemic Risk Board (ESRB)

Finanstilsynet deltek som medlem i finanstilsynsmyndighetene i EU saman med dei andre nasjonale finanstilsyna i Europa. Dette er forankra i EØS-avtalen. EØS-EFTA-statane har ikkje stemmerett i organa som kan fatte vedtak, og finanstilsynsmyndighetene i EU kan ikkje fatte vedtak som er retta mot EØS-EFTA-statane. I 2019 deltok Finanstilsynet i alle møta i tilsynsstyra i EBA, ESMA og EIOPA. Finanstilsynet deltok òg i ei rekkje av underkomiteane som førebur saker til tilsynsstyret.

Deltakinga i dette samarbeidet gir Finanstilsynet saman med andre nasjonale finanstilsyn høve til å vere med og utarbeide forslag til relevant regelverk for finansmarknadene i ein tidleg fase. Mens det overordna regelverket oftast blir utarbeidd i EU av Rådet, Parlamentet og Kommisjonen, er Finanstilsynet og andre nasjonale finanstilsyn gjennom deltakinga i dei europeiske finanstilsynsmyndighetene involverte i å utarbeide forslag til utfyllande reglar. I 2019 blei det utarbeidd ei rekkje slike reglar om mellom anna kapitalkrav for bankar, krisehandtering i bankar og krav til verdipapirmarknadene.

Gjennom det europeiske tilsynssamarbeidet er Finanstilsynet òg involvert i å overvake og handtere risikoar på europeisk nivå. Finanstilsyna i alle europeiske land rapporterer tal frå finansmarknadene til dei

europiske finansstilsynsmyndighetene, og dette er grunnlaget for overordna analysar og vurderingar av moglege tiltak. Finanstilsynet bidrog i 2019 med slik regelmessig rapportering frå den norske finansmarknaden. For dei større grensekryssande konserna deltek Finanstilsynet i såkalla tilsynskollegium. Dette er samarbeid med representantar for finanstilsyn frå andre land der konsernet er etablert. Les meir om rapportering og tilsynskollegia i dei ulike kapitla om føretak under tilsyn.

Som part i det europeiske samarbeidet for finanstilsyn deltek Finanstilsynet i vurderinga av kva som er god tilsynspraksis. I 2019 var det på europeisk nivå fastsett fleire generelle tilrådingar om slik praksis. Finanstilsynet har vurdert om det bør følgje kvar tilråding, og har publisert tilrådingane på nettstaden sin.

Dei nasjonale finanstilsyna i EØS utfører fagfelle-vurderingar. Tilsynspraksisen i dei ulike landa blir undersøkt, og finanstilsyna gir råd om tilpassing og kva som er beste praksis. Finanstilsynet deltok i fleire slike fagfelle-vurderingar i 2019. Rapportar etter vurderingane er publiserte på nettstadene til dei europeiske finansstilsynsmyndighetene.

Finanstilsynet deltok i 2019 også som observatør i det europeiske samarbeidet om revisortilsyn, Committee of European Auditing Oversight Bodies (CEAOB). Denne komiteen registrerer tilsynsrapportar frå revisjonsområdet i ein felles europeisk database, som er eit nyttig grunnlag for tilsynet med dei største revisjonsselskapa og i kommunikasjon med dei som fastset standardar.

EØS-prosessane

EU-reglane på finansområdet skal vanlegvis takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk lov eller forskrift. Finanstilsynet bidreg i dette arbeidet. På finansområdet har det vore forseinkingar i lengre tid med å innlemme reglane i EØS-avtalen, men i 2019 blei 274 EU-direktiv og forordningar som gjeld finansmarknaden, tekne inn i EØS-avtalen. Ved utgangen av 2019 var det om lag 120 rettsakter som ikkje var tekne inn i EØS-avtalen.

Nordisk og nordisk-baltisk samarbeid

I den nordiske finansmarknaden er det fleire finansføretak som tilbyr tenester i fleire nordiske land gjennom dotterselskap og filialar. Finanstilsyna i dei nordiske landa har faste, årlege møte på dei ulike tilsynsområda og faste møte om juridiske og administrative tema.

Finanstilsynet deltek i Nordic-Baltic Stability Group. Denne gruppa består av finansdepartementa, sentralbankane og finanstilsyna i dei nordiske og baltiske landa. Gruppa har utarbeidd rammeverk for å koordinere tiltak i dei ulike landa for ein eventuell krisesituasjon i systemviktige grensekryssande finansføretak.

Finanstilsynet deltek òg i Nordic-Baltic Macroprudential Forum og i undergruppene av dette forumet. Forumet består av leiinga i sentralbankane og finanstilsyna, og dei drøftar makroøkonomisk overvaking og anna tilsynsarbeid i det nordiske og baltiske området.

Finanstilsynet deltek i ei nordisk-baltisk arbeidsgruppe mot kvitvasking og i ei nordisk-baltisk arbeidsgruppe for PSD 2 og fintech, saman med dei andre tilsynsmyndighetene i regionen. I tillegg deltek Finanstilsynet i ei nordisk arbeidsgruppe på forsikringsområdet om tekniske avsetnader.

Brexit

I 2019 var det uvisse knytt til at Storbritannia skulle tre ut av EU. Mange av brexit-førebuingane til Finanstilsynet blei gjorde i samråd med andre nasjonale finansstilsyn og finansstilsynsmyndighetene i EU. Dette omfattar mellom anna risikovurderingar, utsegner til næringa og råd til EU-kommisjonen. Dei nasjonale finanstilsyna inngjekk i 2019 samarbeidsavtalar med myndighetene i Storbritannia for å bidra til ei god ramme for samarbeid også etter brexit.

Finanstilsynet legg vekt på at norske finansføretak vurderer risikoar og tiltak ved brexit. Finanstilsynet hadde i 2019 direkte kontakt med fleire av føretaka som blir påverka, og tilsynet publiserte mange aktuelle saker om brexit.

Finanstilsynet var i 2019 involvert i fleire tiltak på finansområdet for å avhjelpe konsekvensar av ein mogleg brexit utan overgangsordning («hard brexit»). Det blei mellom anna fastsett ei forskrift om lovpålagde forsikringar som er teikna i britiske føretak, og om tilgang til å yte forsikringstenester etter brexit. Det blei òg gjort tiltak for å sikre at norske marknadsaktørar skulle ha tilgang til britiske sentrale motpartar, på lik linje med aktørar i resten av EU.

Storbritannia forlét EU 31. januar 2020 med ei overgangsordning. I overgangsperioden skal det forhandlast om ei permanent ordning. Det er framleis uvisst kva som skjer dersom overgangsperioden går ut utan at ei permanent ordning er på plass. Finanstilsynet følgjer utviklinga og vurderer fortløpande behovet for eventuelle tiltak.

Tabell 4: Finanstilsynet deltek eller er observatør i følgende internasjonale organisasjoner og EU/EØS-relaterte komitear:

Sektorovergripande

- European Systemic Risk Board (ESRB) – det europeiske rådet for systemrisiko
- Joint Committees for EBA, ESMA, EIOPA – felleskomiteane for dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene
- EFTA Working Group on Financial Services
- Nordic-Baltic Macroprudential Forum
- Nordic-Baltic Stability Group
- Nordisk-baltisk arbeidsgruppe mot kvitvasking
- Nordisk-baltisk arbeidsgruppe for PSD 2 og fintech
- Financial Stability Board (FSB), Regional Consultative Group for Europe
- Financial Action Task Force (FATF) – internasjonalt samarbeidsforum for tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering, med sekretariat i OECD
- FinCoNet, Financial Consumer Network
- LEI ROC, Regulatory Oversight Committee, Global Legal Entity Identifier (LEI) System
- Integrated Financial Supervisors Conference – årleg konferanse
- Network for Greening the Financial System (NGFS)

Bank og finans

- European Banking Authority (EBA) – den europeiske banktilsynsmyndigheita
- Basel Consultative Group – Baselkomiteen
- Macroprudential Supervision Group – Baselkomiteen

Forsikring og pensjon

- European Insurance and Occupational Pensions Authority (EIOPA) – den europeiske tilsynsmyndigheita for forsikring og tenestepensjon
- International Association of Insurance Supervisors (IAIS) – den internasjonale organisasjonen for forsikringstilsyn
- International Forum of Insurance Guarantee Schemes (IFIGS) – Finanstilsynet deltek som sekretariat for garantiordninga for skadeforsikring

Verdipapirområdet

- European Securities and Markets Authority (ESMA) – den europeiske verdipapir- og marknadstilsynsmyndigheita
- International Organization of Securities Commissions (IOSCO) – den internasjonale organisasjonen av verdipapirtilsyn
- Enlarged Contact Group on Supervision of Collective Investment Funds (ECG) – den utvida kontaktgruppa for tilsyn med kollektive investeringsfond

Revisjon

- Committee of European Auditing Oversight Bodies (CEAOB) – samarbeid mellom revisortilsynsmyndigheitene i EØS
- International Forum of Independent Audit Regulators (IFIAR) – internasjonalt forum for revisortilsyn

IKT-tilsyn

- Information Technology Supervision Group (ITSG) – globalt tilsynssamarbeid om IKT-risiko i finanssektoren
 - Financial Information Sharing and Analysis Center (FI-ISAC) – forum der banksektoren, påtalemyndigheitene og IKT-beredskapsgrupper (CERTs) deler informasjon om nettkriminalitet i finanssektoren
-



ÅRETS AKTIVITETER OG RESULTATER

Rapportering av måloppnåelse

Rapport fra tilsynsområdene

- Bank og finans

- IKT og betalingstjenester

- Forsikring og pensjon

- Verdipapirområdet

 - Infrastruktur

 - Markedsatferd

 - Verdipapirforetak

 - Fond og kollektive investeringer

 - Prospektkontroll – omsettelige verdipapirer

 - Regnskapstilsyn – noterte foretak

- Revisjon

- Regnskapsførervirksomhet

- Eiendomsmegling

- Inkassovirksomhet

- Tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering

- Forbrukarvern

- Aktuelle tema

 - Finanstilsynets regulatoriske sandkasse for fintech

 - Berekraftig finans – klimarisiko

 - Gjeldsinformasjonsverksemd

 - Lovbrottsgebyr og leiingskarantene

ÅRETS AKTIVITETER OG RESULTATER

Rapportering av måloppnåelse

I Finanstilsynets strategi for 2019–2022 er det formulert seks delmål. Finanstilsynets rapportering av måloppnåelse er systematisert etter disse delmålene.

For nærmere omtale av de ulike tilsynsområdene, se rapportene fra tilsynsområdene i de etterfølgende kapitlene.

1. Solide og likvide finansforetak

Solide og likvide finansforetak er en forutsetning for stabiliteten i det finansielle systemet, der foretakene er i stand til å oppfylle forpliktelsene overfor kundene og opprettholde viktige samfunnsfunksjoner. Finanstilsynet vurderer risikoen for ustabilitet i det finansielle systemet og bruker virkemidler for å redusere systemrisiko basert på informasjon fra tilsyn med enkeltforetak og den makroøkonomiske overvåkingen. Gjennom konsekvenskrav, kapital- og likviditetskrav og løpende tilsyn bidrar Finanstilsynet til at foretakene har god soliditet og robust finansiering, egnet ledelse og betryggende risiko- og virksomhetsstyring. I tillegg gir Finanstilsynet råd til politiske myndigheter om soliditets- og likviditetskrav og andre tiltak som bidrar til å redusere risikoen i det finansielle systemet.

For å bidra til solide og likvide finansforetak har Finanstilsynet blant annet:

- utført stedlige og dokumentbaserte tilsyn for å vurdere soliditeten, likviditeten og risikohåndteringen i foretakene

- gjennomgått og vurdert modellene i åtte banker og ett finansieringsforetak som har egne modeller for beregning av kapitalkrav (IRB)
- gjennomført tematisyn om praktiseringen av IFRS 9 i utvalgte banker (pågående)
- foretatt soliditets- og likviditetsvurderinger (SREP) av kredittforetak og fastsatt foretaksspesifikke kapitalkrav
Årsak til oversendelse: 6 manglende etterutdanning og 1 svakheter ved utførelsen av oppdragene.

Vennlig hilsen

Den norske Revisorforening



Leif Arne Jensen

Fungerende styreleder

Eiendomsmegling

Tilsynet med eiendomsmegling omfatter foretak som har tillatelse til å drive eiendomsmegling, og rettshjelpere og advokater som har stilt sikkerhet for eiendomsmegling. Finanstilsynet fører kontroll med at meglingen drives i samsvar med kravene som følger av lov og forskrift. Virksomheten skal blant annet drives i samsvar med god meglerskikk, og foretakene skal ha systemer for risikostyring og internkontroll. Finanstilsynet prioriterer den delen av eiendomsmeglingsbransjen som driver med boligformidling. Det er særlig viktig at forbrukerne i dette markedet har nødvendig tillit til eiendomsmegleren som formidler boligen og gjennomfører oppgjøret.

Utviklingstrekk

Det ble rapportert 163 132 eiendomsformidlinger i 2018, om lag 3 prosent flere enn året før. Antall formidlinger i første halvår 2019 var 84 193, mot 82 310 formidlinger i første halvår 2018. Dette var en økning på 2,3 prosent. Ved utgangen av første halvår 2019 var det 5721 årsverk i eiendomsmeglingsforetakene.


Regnet i prosent av kjøpesum endret meglers vederlag seg marginalt, fra omtrent 1,8 prosent i første halvår 2018 til omtrent 1,7 prosent i første halvår 2019.

Meglernes gjennomsnittlige vederlag økte fra 59 033 kroner i første halvår 2018 til 61 346 kroner i første halvår 2019.

Bankene spiller en sentral rolle ved boligomsetning i Norge. Bankene bidrar til finansieringen av boligkjøp og er i mange tilfeller eier av eiendomsmeglingsforetak, eller har et nært kommersielt samarbeid med eiendomsmeglingsforetak for å kunne distribuere lån og andre banktjenester.


Figur 14: Antall årsverk i eiendomsmeglingsforetak

Kilde: Finanstilsynet
* Tall for første halvår 2019



Figur 15: Markedsandeler (antall formidlinger)

Kilde: Finanstilsynet
* Tall for første halvår 2019



Tilsyn, overvåking og kontroll

Finanstilsynet mottar regelmessig tips og henvendelser om mulige lovbrudd i bransjen. I tillegg mottar tilsynet opplysninger gjennom virksomhetenes rapportering. Sammen med erfaring fra tidligere tilsyn danner dette grunnlaget for en risikobasert utvelgelse av hvilke virksomheter som Finanstilsynet skal følge opp nærmere. I likhet med foregående år var oppmerksomheten i 2019 rettet mot advokater og mindre eiendomsmeglingsforetak. I tillegg prioriterte Finanstilsynet eiendomsmeglingsbransjens etterlevelse av hvitvaskingsregelverket.

Fakta

Antallet foretak med tillatelse til å drive eiendomsmegling har vært relativt stabilt de siste årene. Ved utgangen av 2019 var det registrert 504 foretak, mot 506 i 2018.

Det var 612 filialer ved utgangen av 2019, mot 592 i 2018. I alt ble det drevet eiendomsmegling ved 1116 meglingskontorer i Norge på slutten av 2019, mot 1098 kontorer i 2018. I tillegg var 951 advokater registrert med eiendomsmegling i egen praksis, en nedgang fra 1056 ett år tidligere. Mange av advokatene tar imidlertid kun sporadisk på seg eiendomsmeglingsoppdrag og/eller oppgjørsoppdrag. Basert på innrapporterte omsetningstall for 2018 hadde bare 290 advokater ti eller flere formidlinger og/eller oppgjørsoppdrag i løpet av året.

Stedlige tilsyn

I 2019 ble det gjennomført 16 stedlige tilsyn. Av disse var 14 hos eiendomsmeglingsforetak, mens to var hos advokater. Forvaltning og kontroll med klientmidler, risikostyring og internkontroll samt etterlevelse av hvitvaskingsregelverket var sentrale kontrollområder. I tillegg ble det gjennomført flere dokumentbaserte tilsyn med eiendomsmeglingsforetak, advokater og enkeltmeglere. Dessuten ble en rekke tips om brudd på eiendomsmeglingsregelverket undersøkt og fulgt opp. Fem av de stedlige tilsynene var tematilsyn med foretakenes etterlevelse av hvitvaskingsregelverket. Finanstilsynet undersøkte foretakenes egne vurderinger av risikoen for å bli brukt til hvitvasking, og arbeids- og kontrollrutinene de har etablert mot hvitvasking. Arbeidet ventes ferdigstilt i løpet av første halvår 2020. Det ble sendt tre hvitvaskingsmeldinger til Økokrim som resultat av tilsynsvirksomheten i eiendomsmeglingsforetakene.

Finanstilsynet gjennomførte et lignende tematilsyn hos åtte næringsmeglingsforetak og ett boligmeglingsforetak i 2018. Hos sju av foretakene ble det avdekket så alvorlige mangler at tilsynet i 2019 besluttet å ilegge disse foretakene overtredelsesgebyr. Flere av dem hadde ikke vurdert risikoen for å bli brukt til hvitvasking eller terrorfinansiering. Flere foretak hadde heller ikke tilfredsstillende rutiner for å forebygge og avdekke hvitvasking, og flere førte ingen kontroll med transaksjoner på klientkonto. De fleste av disse foretakene hadde heller ikke etablert rutiner for forsterkede kundetiltak eller gjennomføring av nærmere undersøkelser av mistenkelige transaksjoner. I flere av foretakene hadde ikke de ansatte fått nødvendig opplæring. Ett foretak har pålagt vedtaket om overtredelsesgebyr til Finansdepartementet.

Advokatenes etterutdanning

Finanstilsynet undersøkte våren 2019 advokatenes etterutdanning, som tilsynet også gjorde våren 2018. I den årlige rapporteringsoppgaven skal advokater som driver eiendomsmegling, opplyse om antall etterutdanningstimer. Undersøkelsen omfattet i alt 1056 advokater. Rapporteringen viste at 36 advokater ikke oppfylte kravet til 15 timer etterutdanning, mot 167 året før. Noen av de 36 advokatene sannsynliggjorde at etterutdanningsreglene likevel ikke var overtrådt, mens andre dokumenterte sykdom eller andre særlige omstendigheter. Finanstilsynet fant derfor ikke grunn til å forby framtidig eiendomsmeglingsvirksomhet. Mens 41 advokater fikk forbud mot å drive eiendomsmeglingsvirksomhet i 2018, fikk bare fem advokater forbud i 2019.

Tilbakekall

Finanstilsynet tilbakekalte i tillegg ti tillatelser på grunn av grove eller gjentatte overtredelser. Dette gjaldt to foretakstillatelser, seks meglertillatelser og to advokaters rett til å drive eiendomsmegling.

Grunnlaget for tilbakekall av den ene foretakstillatelsen var blant annet manglende internkontroll, manglende ekstern kontroll, manglende kontroll over klientmidler og manglende etterlevelse av hvitvaskingsloven. I den andre saken hadde foretaket systematisk lagt opp til en salgsstrategi som ikke var egnet til å gi selger best mulig pris for eiendommen. Interessenter ble i en rekke saker oppfordret til å legge inn bud med forbehold om at annonsert visning ble avlyst. Ved videreformidling av disse budene til oppdragsgiver ga ikke foretaket råd med opplysning om at en åpen budrunde etter gjennomført visning normalt ville forventes å gi selger en bedre pris. Én person fikk tilbakekalt eiendomsmeglerbrevet sitt i for bindelse med denne saken. Finanstilsynet tilbakekalte tre meglertillatelser som følge av ulovlig eiendoms-handelsvirksomhet, mens én person fikk tillatelsen tilbakekalt på grunn av sin gjennomføring av verdivurderingsoppdrag. Én persons tillatelse ble tilbakekalt som følge av brudd på sentrale plikter i forbindelse med gjennomføringen av eiendomsoppgjør etter boligoppføringsloven. Én advokat fikk forbud mot videre eiendomsmeglingsvirksomhet på grunn av grove oppgjørfeil, og én advokat fikk forbud som følge av underslag av klientmidler og bedrageri.

Klager på vedtak

I 2019 ble 16 klager på Finanstilsynets vedtak sendt til Finansdepartementet. Åtte av sakene gjaldt forbud mot videre eiendomsmeglingsvirksomhet grunnet manglende etterutdanning, én gjaldt klage på ilagt overtredelsesgebyr for brudd på hvitvaskingsregelverket, to gjaldt tilbakekall av foretakstillatelser, mens fem saker gjaldt tilbakekall av personlige tillatelser. Ved utgangen av 2019 var samtlige saker fortsatt til behandling i Finansdepartementet.

Forvaltning

I 2019 ga Finanstilsynet 37 foretak tillatelse til å drive eiendomsmegling. I disse sakene, og ved endringer i foretakenes ledelse og styrer, gjennomførte Finanstilsynet i tillegg en rekke egnethetsvurderinger. Her ble personenes kvalifikasjoner, yrkeserfaring og tidligere atferd vurdert. I tillegg ble det i 2019 gitt 309 personlige tillatelser til å drive eiendomsmegling. Betydelige ressurser går med på å besvare henvendelser fra publikum, både skriftlig og over telefon. Henvendelsene gjelder et vidt spekter av temaer, fra påstander om brudd på regelverket fra enkeltforetak eller -meglere til generelle spørsmål om regelverket for kjøp og salg av fast eiendom.

Regelverksutvikling

Etterutdanning

I 2019 publiserte Finanstilsynet to rundskriv på eiendomsmeglingsområdet. Det ene rundskrivet gjaldt kravet til eiendomsmeglingsfaglig etterutdanning for personer som er engasjert i eiendomsmeglingsvirksomhet. Rundskrivet er en oppdatert versjon av et rundskriv fra 2012. Det presiserer at personer som omfattes av etterutdanningskravet, må kunne dokumentere 15 timer etterutdanning i de to foregående kalenderårene. Ved lengre tids fravær, for eksempel i forbindelse med fødselspermisjon, kan etterutdanningskravet «nullstilles» så lenge fraværet er minimum seks måneder sammenhengende. Plikten til å gjennomføre etterutdanning gjelder imidlertid fram til fraværet faktisk har strukket seg over en periode på minst seks måneder.

Veiledning om hvitvaskingsregelverket

Ny hvitvaskingslov trådte i kraft 15. oktober 2018. Finanstilsynet publiserte en veiledning om hvitvaskingsregelverket i rundskriv 11/2019 til eiendomsmeglere, eiendomsmeglingsforetak og rettsjelpere og advokater som driver eiendomsmeglingsvirksomhet, som supplerer den generelle veiledningen til hvitvaskingsregelverket i rundskriv 8/2019. Rundskrivet utdyper hvilke krav som stilles til vurdering av risiko, arbeids- og kontrollrutiner og opplæring av ansatte, pliktene til å gjennomføre kunde- og transaksjonskontroll, samt plikten til å undersøke og eventuelt rapportere forhold som kan indikere at midler har tilknytning til hvitvasking eller terrorfinansiering. Se også omtale på side 87.

Lovutvalg

Regjeringen har nedsatt et utvalg som skal evaluere eiendomsmeglingsloven og foreslå ny lov. Finanstilsynet er representert i lovutvalget. Utvalget startet arbeidet i slutten av 2019, og det skal gi sin utredning til Finansdepartementet i slutten av 2020.

Inkassovirksomhet

Tilsynet med inkassovirksomhet omfatter foretak med bevilling til å inndrive forfalte pengekrav for andre (fremmedinkasso) og foretak som kjøper opp forfalte pengekrav og selv driver inn disse (oppkjøps- og egeninkasso). Tilsynet med inkassoforetak omfatter kontroll av at foretakene følger god inkassoskikk og ikke benytter inkassometoder som utsetter noen for urimelig press, skade eller ulempe. Finanstilsynet kontrollerer om foretakene følger reglene i lov og forskrift for hvordan krav skal framsettes og om salær som avkreves skyldner, er korrekte. Kontroll av klientmiddelbehandlingen er sentralt i tilsynet, i tillegg til foretakets etterlevelse av risikostyringsforskriften.

Utviklingstrekk

De siste årene er det etablert flere finansieringsforetak med formål å kjøpe porteføljer av misligholdte forbrukslån. Disse foretakene inngår ofte såkalte forward flow-avtaler med bankene, det vil si avtaler om løpende kjøp av misligholdte lån. Avtalene inngås for en nærmere definert periode framover i tid hvor foretaket forplikter seg til å kjøpe misligholdte lån. Finanstilsynet har presisert at finansieringsforetakene etter kapitalkravsregelverket må sette av kapital for forpliktelser de har i disse inngåtte avtalene. Finanstilsynet har også presisert at misligholdte lån som overtas, skal risikovektes 150 prosent.

Finansieringsforetak som kjøper slike porteføljer, overlater inndrivelsen av oppkjøpte krav til inkassoforetak som ofte er i samme konsern. Selv om inkassoforetaket er i samme konsern som finansieringsforetaket, anses

Fakta

Antallet foretak med bevilling til å drive inkassovirksomhet har de siste årene vært stabilt, men ble noe redusert i løpet av 2019. Ved utgangen av 2019 hadde 93 fremmedinkassoforetak og fire oppkjøpsforetak bevilling til å drive inkassovirksomhet.

inkassoforetaket likevel å drive såkalt fremmedinkasso, noe som åpner for å avkreve fremmedinkassosalær. Ved valg av en slik inndrivingsmodell vil den samlede inntjeningen på et oppkjøpt krav øke for konsernet ved at det får fremmedinkassosalærer i tillegg til inntekter ved inndrivelse av hovedstolen og påløpte (høye) rentekrav.


Tabell 10: Samlet gjeld* til inndrivelse (i milliarder kroner)

Kilde: Finanstilsynet
* Tall per 30. juni for det enkelte år

	2015	2016	2017	2018	2019
Fordringsmasse til inndrivelse	70,5	75,9	80,0	89,0	100,4
Opprinnelig gjeldsbeløp / hovedstol (i milliarder kroner)	41,8	45,1	47,8	55,0	63,7
Antall nye inkassosaker	3 903 000	3 988 000	4 494 000	5 254 000	5 438 000
Antall avsluttede inkassosaker	3 663 000	3 867 000	4 299 000	4 956 000	5 273 000
Antall inkassosaker til behandling	4 342 000	4 639 000	4 948 000	5 352 000	5 782 000
Samlet innkasserte midler (i milliarder kroner)	14,0	14,6	16,0	17,8	19,6

Figur 16: Saker fordelt på gjeldstyper per 31.12.2019

Kilde: Finanstilsynet



Mens innkasserte midler i første halvår 2018 utgjorde 17,8 milliarder kroner, økte dette med 10 prosent til 19,6 milliarder kroner i første halvår 2019. I samme periode mottok inkassoforetakene 5,4 millioner nye saker, en økning på 3,5 prosent (183 869 saker) sammenlignet med første halvår 2018. Per 30. juni 2019 var det nærmere 5,8 millioner inkassosaker til behandling, som var en økning på 8 prosent sammenlignet med utgangen av første halvår 2018. Inkassosaker til behandling representerte misligholdte forpliktelser på 100,4 milliarder kroner. Av dette utgjorde opprinnelig gjeldsbeløp (hovedstolen) 63,8 milliarder kroner, hvorav 32,1 milliarder kroner var knyttet til saker som ble registrert hos inkassoforetakene mer enn 18 måneder tidligere. Litt flere enn én av tre nye saker de siste årene er blitt avsluttet før inkassator har sendt betalingsoppfordring, et kravbrev som normalt blir sendt 30–45 dager etter at betalingsfristen i faktura er oversittet.

Et fåtall foretak dominerer inkassobransjen. De ti største inkassoforetakene har hatt en stor samlet andel av inkassomarkedet i lengre tid. Basert på tall fra foretakenes rapportering per 30. juni 2019, hadde de ti største foretakene 83,8 prosent av markedet målt i fordringsmasse til inndrivelse.

Tilsyn, overvåking og kontroll


Finanstilsynet mottar regelmessig tips og henvendelser om mulige lovbrudd i bransjen, i hovedsak fra skyldnere, Forbrukerrådet, Forbrukertilsynet, Finansklagenemnda samt forliksråd og namsmyndigheter. I tillegg får Finanstilsynet opplysninger gjennom virksomhetenes rapportering. Sammen med erfaring fra tidligere tilsyn danner dette grunnlaget for en risikobasert utvelgelse av hvilke virksomheter som skal følges opp nærmere.

I 2019 ble det igangsatt undersøkelser i 16 saker på bakgrunn av tips eller klager på inkassoforetak. Seks av disse var ferdigbehandlet ved utgangen av året, og brudd på god inkassoskikk ble konstatert i fire av sakene. Ingen tillatelser ble tilbakekalt i 2019, verken foretakstillatelser eller personlige tillatelser.

Høsten 2018 startet Finanstilsynet et tematisyn for å kontrollere lovligheten av såkalte payback-avtaler mellom inkassoforetak og oppdragsgivere. Dette er avtaler om tilbakeføring av deler av inkassosalæret fra inkassoforetaket til oppdragsgiveren. Slike avtaler kan være i strid med inkassolovens regler om at skyldner kun plikter å erstatte nødvendige kostnader forbundet med inndringen av et krav. Alle inkassoforetak ble bedt om å rapportere inn tall som viste omfanget og arten av slike payback-avtaler. Innrapporteringen viser at det kun er de større inkassoforetakene som har slike avtaler. Tilsynet viste at disse foretakene i 2017 hadde tilbakeført nærmere 200 millioner kroner til oppdragsgiverne. Det ble imidlertid ikke avdekket at noen av utbetalingene eller ytelsene som var gitt til oppdragsgiverne, var utenfor rammen som regelverket tillater. Finanstilsynet konstaterte imidlertid at noen foretak hadde mangelfull dokumentasjon av sine kontroller med avtalen og avtalevilkårene, noe som ble fulgt opp direkte med de aktuelle foretakene.

Figur 17: Inkassosaker knyttet til forbrukslån fordelt på aldersgrupper

Kilde: Finanstilsynet



Forvaltning

I 2019 ble det gitt 60 inkassobevillinger til enkeltpersoner eller foretak. Betydelige ressurser går med til å besvare henvendelser fra publikum, både skriftlig og over telefon. Henvendelsene gjelder i vesentlig grad påstander om brudd på god inkassoskikk og inkassokravenes rettmessighet.

Regelverksutvikling

Justis- og beredskapsdepartementet oppnevnte i oktober 2018 en arbeidsgruppe som skulle se på nærmere angitte problemstillinger i inkassoloven. Arbeidsgruppen var satt sammen av representanter fra Justis- og beredskapsdepartementet, Forbrukerrådet, Finans Norge, Virke Inkasso og Finanstilsynet. Finanstilsynet var sekretær for arbeidsgruppen. Gruppens rapport ble lagt fram for departementet i januar 2020, og den ventes sendt på høring i løpet av første halvår.

Arbeidsgruppen foreslår blant annet reduksjoner i inkassoforetakenes gebyrkrav og egne saksbehandlingsregler for skyldnere i særlige situasjoner. Videre foreslår den en rekke plikter for inkassoforetaket før det kan sende krav til rettslig inndrivning, og en regel om dekningsrekkefølge som innebærer at delbetalinger fra skyldner først skal dekke forfalte terminer og hovedstol. Arbeidsgruppen foreslår blant annet utvidet plikt til sammenslåing av krav og en gebyrmodell basert på betraktninger om normaltapserstatning for fordringshavers kostnader ved å engasjere et fremmedinkassoforetak. I tillegg foreslår gruppen en reduksjon i skrivesalæret som kan kreves ved tvangsbegjæring, og regler som skal bidra til å avverge at saker sendes til rettslig inndrivning før dette er hensiktsmessig og nødvendig. For å bedre etterlevelsen av regelverket foreslår arbeidsgruppen tydeligere regulering av ansvaret for inkassovirksomheten, økte krav til kompetanse og regler om overtredelsesgebyr.

Tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering

Utviklingstrekk

Fleire europeiske storbankar har dei seinare åra komme i søkjelyset til tilsyns- og politimyndigheitene på grunn av alvorlege svakheiter i etterlevinga av kvitvaskingsregelverket og indikasjonar på at det har gått for seg omfattande kvitvasking gjennom desse bankane. Kvitvasking står no høgt oppe på dagsordenen hos myndigheitene. EU og FATF, det internasjonale samarbeidsforumet for tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering, har trappa opp aktiviteten sin på området, mellom anna gjennom utvikling av nytt regelverk og tilsyn med nasjonale myndigheiter.

Erfaringar frå tilsyn hos norske aktørar viser at etterlevinga av kvitvaskingsregelverket i mange tilfelle ikkje har vore tilfredsstillande. Manglande risikoforståing, for liten ressursbruk på området og svake rutinar for anti-kvitvaskingsarbeidet har vore blant forbetningsområda. Finanstilsynet har peikt på.

Nye rettleiingsdokument

Finanstilsynet har trappa opp aktiviteten mot kvitvasking. Tilsynet har styrkt rettleiinga av tilsynseiningane på kvitvaskingsområdet gjennom *Veileder til hvitvaskingsloven* (rundskriv 8/2019) og eigne rettleiingar for etterleving av kvitvaskingsregelverket i eigedomsmeklingsverksemd (rundskriv 11/2019) og for revisorar og rekneskapsførarar (rundskriv 14/2019 og 15/2019). Finanstilsynet publiserte òg ei ny risikovurdering av kvitvasking og terrorfinansiering i 2019.

Som eit ledd i rettleiingsverksemda heldt Finanstilsynet ei rekkje presentasjonar på konferansar i regi av Finans Norge og enkeltforetak i 2019.

Tilsyn, overvaking og kontroll

Bankar

Finanstilsynet gjennomførte spesialtilsyn på kvitvasking i Handelsbanken NUF, Sparebanken Sør, Sbanken og Danske Bank NUF i 2019. Tilsynsrapportane frå dei to sistnemnde tilsyna skal ferdigstillast i 2020. Kvitvasking er normalt eit tema i dei generelle banktilsyna som Finanstilsynet gjennomfører.

Følgjande svakheiter blei generelt avdekte på tilsyna:

- Det var mangelfulle vurderingar av risikoen for å bli misbrukt til kvitvasking og terrorfinansiering.
- Ressursbruken på kvitvaskingsområdet var ikkje proporsjonal med risikoen i føretaket.
- Det var ei uklar forståing av rolla som etterlevingsansvarleg.
- Det var lite eller inga tilpassing av transaksjonsovervakingssystemet til verksemda.

Finanstilsynet gjennomførte òg eit dokumentbasert tematisyn for å kartleggje i kva grad bankkundane er legitimerte i samsvar med krava i kvitvaskingslova. Tilsynet viste at bankane per 1. juli 2019 hadde om lag 700 000 kundar som ikkje var legitimerte. I tillegg var det om lag 60 000 ulegitimerte kundar som var juridiske personar. Bankane blei pålagde å rette desse forholda innan 17. januar 2020.

Kvitvaskingslova frå 2018 opnar for at Finanstilsynet kan skrive ut lovbrotsgebyr ved lovbrøt. I 2019 skreiv Finanstilsynet ut tre lovbrotsgebyr: eitt på 18 millionar kroner til Komplett Bank, eitt på 9 millionar kroner til Santander Consumer Bank og eitt på 1,5 millionar kroner til Hønefoss Sparebank. Lovbrotsgebyret til Komplett Bank blei mellom anna gitt fordi banken mangla risikovurdering knytt til kvitvasking og terrorfinansiering, mangla risikoklassifisering av kundane og ikkje hadde utført god nok elektronisk transaksjonsovervaking. Lovbrotsgebyret til Santander Consumer Bank var grunngitt med svikt i transaksjonsovervakingssystemet til banken og – i forlenginga av dette – manglande løpande oppfølging av kundeforhold og brot på plikta til å undersøkje og rapportere mistenkjelege transaksjonar. Lovbrotsgebyret til Hønefoss Sparebank blei mellom anna gitt på grunn av manglande risikovurdering knytt til kvitvasking og terrorfinansiering og fordi banken sine rutinar for tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering ikkje var tilpassa bankverksemda.

Verdipapirføretak

Finanstilsynet gjennomførte tematisyn om kundedokumentasjon og tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering i eitt verdipapirføretak i 2019. Dei endelege merknadene ligg føre. Tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering var òg tema på alle dei fullskala stadlege tilsyna som blei gjennomførte i verdipapirføretak i 2019. Finanstilsynet gjekk gjennom dokumentasjonen for eit utval kundar hos verdipapirføretaka for å sjå på organiseringa og kontrollfunksjonane og undersøkje kundetiltak og korleis kvitvaskingsregelverket faktisk blir etterlevd. Finanstilsynet meiner at verdipapirføretaka no legg større vekt på, og er langt meir bevisste på, arbeidet med å førebygge kvitvasking enn tidlegare. Tilsynet avdekkjer likevel framleis manglar og svake sider, særleg når det gjeld risikovurderingar, identifikasjon av reelle rettshavarar, forsterka kontrolltiltak og kor bevisste føretaka er på å identifisere og rapportere mistenkjelege forhold.

Betalingsføretak og agentar for utanlandske betalingsføretak

Finanstilsynet gjennomførte stadleg tilsyn i betalingsføretaket TTC Finans i 2019. Etter at tilsynet hadde avdekt ei rekkje alvorlege brot på kvitvaskingsregelverket, kalla Finanstilsynet konsesjonen til selskapet tilbake. Finanstilsynet gjennomførte òg tilsyn med tre av agentane til det utanlandske betalingsføretaket RIA (Euronet Payment Services / RIA Payment Institution, EP og S.A.U.). Temaet for tilsyna var i hovudsak etterleving av kvitvaskingsregelverket. Finanstilsynet har på bakgrunn av det som blei avdekt under tilsynet med TTC Finans, kalla tilbake løyvet til å drive verksemd som betalingsføretak. Føretaket har opplyst at dei vil klage på vedtaket.

I slutten av 2018 gjennomførte Finanstilsynet tilsyn med Vipps AS, der kvitvasking var eitt av temaa. I tilsynsrapporten som blei publisert i 2019, peikte Finanstilsynet på at Vipps for enkelte kundar braut reglane for innhenting av informasjon om formål og tilsikta art for kunde-forholdet. Det blei òg avdekt brot på pliktene etter frys-føresegnene og sanksjons- og tiltaksforskrifta ved at føretaket ikkje kontrollerte kundar eller transaksjonar mot internasjonale sanksjonslister. Det fanst heller ingen system for å kontrollere kundar mot lister over politisk eksponerte personar (PEP). Finanstilsynet uttrykte òg ei forventning om at Vipps ville tilføre kvitvaskingsområdet ressursar.

Virtuell valuta

Kvitvaskingslova pålegg vekslings- og oppbevarings-tenestetilbydarar innanfor virtuell valuta å registrere seg hos Finanstilsynet. Ved utgangen av 2019 hadde seks slike tenestetilbydarar registrert seg.

IKT-tryggleik

Finanstilsynet kontrollerer finansføretaka sine IKT-system som avdekkjer mistenkjelege transaksjonar som kan vere knytte til kvitvasking og terrorfinansiering. Sjå omtale i kapitlet *IKT og betalingstjenester* på side 42.

Forsikring

Kvitvasking var eit tema på ordinære tilsyn i 2019. I tillegg kartla tilsynet etterleving av kvitvaskingsregelverk og frysplikter hos eit utval forsikringsføretak og forsikringsformidlarar. Kartlegginga viste manglar ved risikovurderinga og rutinane til fleire forsikringsformidlarar. Dokumentasjonen frå forsikringsføretaka gav inntrykk av akseptable risikovurderingar og rutinar hos dei fleste føretaka.

Tilsynsrapporten etter spesialtilsyn i Fremtind Forsikring AS og SpareBank 1 Forsikring AS blei offentleggjort i 2019. I rapporten kritiserte Finanstilsynet begge føretaka for mellom anna mangelfulle rutinar, svakheiter knytte til risikovurderingane til føretaka, brot på reglane for risikoklassifisering av kundar og for at opplæringa av dei tilsette i føretaka ikkje etterlevde krava i kvitvaskingsregelverket.

Revisjon og rekneskapsføring

Ved alle tilsyn kontrollerer Finanstilsynet korleis revisjons- og rekneskapsførarføretak etterlever kvitvaskingsregelverket. Tilsyna i 2019 avdekte at revisjons- og rekneskapsførarføretaka ikkje hadde gjennomført god nok verksemdsinnretta risikovurdering. Rutinane til føretaka var generelt ikkje gode nok, og etterlevinga av regelverket om kunde kontroll og identifisering av eventuelle forhold som kunne indikere at midlar hadde tilknytning til kvitvasking eller terrorfinansiering, var for svak.

Finanstilsynet utarbeidde i 2019 rettleiingar til revisorar og revisjonsselskap (rundskriv 14/2019) og til rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap (rundskriv 15/2019) om kva plikter dei har etter kvitvaskingslova, og kva som følgjer av god revisjonsskikk etter revisorlova og god rekneskapsføringsskikk etter rekneskapsførarlova når kunden er rapporteringspliktig.

Infrastruktur – Verdipapirsentralen og kontoførarar

Som eit ledd i tilsynet med VPS og kontoførarane gjennomførte Finanstilsynet i 2019 ei større undersøking av kvitvaskingskontrollen ved opprettinga av verdipapirkonto. Ein rapport med resultatata frå undersøkinga vil bli publisert i første halvår av 2020.

Fond og kollektive investeringar

Kvitvasking var inkludert i alle stadlege tilsyn hos forvaltningsselskap for verdipapirfond og forvaltarar av alternative investeringsfond. Manglar ved etterlevinga av kvitvaskingslova blei kommentert i fleire tilsynsrapportar. Erfaringa er at ein del føretak har manglar i risikovurderingar, rutinar og opplæring.

Eigedomsmekling

I 2019 blei etterlevinga av kvitvaskingsregelverket undersøkt ved 13 stadlege tilsyn hos eigedomsmeklingsføretak og hos advokatar som driv eigedomsmeklingsverksemd. Fem av desse var reine kvitvaskingstilsyn. Finanstilsynet undersøkte korleis føretaka vurderte risikoen for å bli brukt til kvitvasking og arbeids- og kontrollrutinane som føretaket hadde etablert for å førebyggje at, og avdekkje om, dei blir brukte til kvitvasking. Arbeidet vil bli ferdig første halvår av 2020.

Finanstilsynet gjennomførte eit liknande tematisyn hos åtte næringsmeklingsføretak og eitt bustadmeklingsføretak i 2018. Hos sju av føretaka blei det avdekt så alvorlege manglar at Finanstilsynet i 2019 bestemte seg for å gi dei lovbrotsgebyr. Gebyra låg på mellom 100 000 kroner og 300 000 kroner. Fleire av føretaka hadde ikkje vurdert risikoen for å bli brukt til kvitvasking eller terrorfinansiering. Mange føretak hadde heller ikkje gode nok rutinar for å førebyggje og avdekkje kvitvasking, og fleire av føretaka førte ingen kontroll med transaksjonar på klientkonto. Dei fleste av desse føretaka hadde heller ikkje etablert rutinar for forsterka kundetiltak eller gjennomføring av nærmare undersøkingar av mis-tenkjelege transaksjonar. I fleire av føretaka hadde ikkje dei tilsette fått den nødvendige opplæringa. Eitt føretak klaga på Finanstilsynet sitt vedtak om lovbrotsgebyr til Finansdepartementet. I september 2019 fekk endå ein eigedomsmeklar lovbrotsgebyr på 50 000 kroner for manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket.

I rundskriv 11/2019 gir Finanstilsynet rettleiing for eigedomsmeklarar, eigedomsmeklingsføretak, retts- hjelparar og advokatar som driv eigedomsmeklingsverksemd. Rundskrivet utdjupar kva for krav som blir stilte til vurderinga av risiko, arbeids- og kontrollrutinar og opplæring av tilsette, pliktene til å gjennomføre kunde- og transaksjonskontroll og plikta til å undersøkje og eventuelt rapportere om forhold som kan indikere at midlar har tilknytning til kvitvasking eller terrorfinansiering.

Evaluering av tiltaka til Finanstilsynet på kvitvaskingsområdet

FATF gjennomførte i 2019 ei femårsoppfølging av evalueringsrapporten av det norske antikvitvaskingsregimet frå 2014. FATF konkluderer med at tilsynsverksemda er forbetra sidan 2014, men at det må ytterlegare forbetringar til før Finanstilsynet sine tiltak mot kvitvasking fullt ut er i samsvar med tilrådingane til FATF. Desse tiltaka blei òg evaluerte gjennom FSAP-oppfølginga til IMF i 2019. FSAP-rapporten vil liggje føre i 2020.

Regelverksutvikling

Finanstilsynet har utarbeidd eit høyringsnotat med forslag til endringar i kvitvaskingslova og -forskrifta. Delar av forslaga skal gjennomføre nye EØS-reglar, mens andre delar er endringar som Finanstilsynet ser behov for. Forslaga omfattar mellom anna nærmare reglar om tenestetilbydarar for virtuell valuta, når kundetiltak skal gjennomførast, avviking/sperring av kundeforhold og behandling av personopplysningar.

Forbrukarvern

Forbrukarvern er eit viktig omsyn i utviklinga av regelverket for finansmarknaden og i tilsynet med aktørane som tilbyr finansielle tenester. Regelverksutviklinga og tilsynet skal tryggje interessene til forbrukarane når dei kjøper finansielle tenester.

Forbrukarvern står sentralt i lovreguleringa av finansmarknaden og i tilsynet med ulike tilbydarar av finansielle tenester innanfor bank-, forsikrings- og verdipapirmarknaden. Solide og likvide finansføretak og velfungerande finansmarknader er grunnleggjande forbrukarinteresser, både for fellesskapet og for enkeltmennesket. Samtidig er det viktig at forbrukarane har eit godt vern når dei kjøper og sel finansprodukt og eigedom, og at dei kan basere avgjerdene sine på god informasjon og nøytral rådgiving.

Finanstilsynet samarbeider mellom anna med Forbrukartilsynet, Forbrukarrådet og Konkurransetilsynet for å betre forbrukarvernet i finanssektoren.

Forbrukarvern er ei viktig oppgåve i finanstilsyna i andre land og i internasjonal verksemd òg, og Finanstilsynet samarbeider nært med dei europeiske tilsynsmyndighetene når nytt forbrukarrelatert regelverk skal utviklast.

Aktuelle forbrukarsaker

Forbrukarkreditt

I 2018 hadde Finanstilsynet fleire stadlege tilsyn i bankar som tilbyr usikra kreditt og forbrukslån. Tilsynet publiserte i 2019 ein samlerapport som tok opp dei viktigaste merknadene etter tilsyna. Sjå nærmare omtale av dette i kapittelet *Bank og finans* på side 36.

Etter forslag frå Finanstilsynet fastsette Finansdepartementet i februar 2019 forskrift om krav til finansføretaka sin utlånspraksis for forbrukslån. Forskrifta er ei vidareføring av retningslinjene frå 2017. Frå andre kvartal 2019 blei det etablert kvartalsvis rapportering av korleis eit utval føretak etterlever forskrifta. Finanstilsynet følgjer opp brot på regelverket og kontrollerer etterlevinga ved stadlege tilsyn.

Bustadlånforskrifta

Tilsynet innhentar dei kvartalsvise styrerapportane frå 24 finansføretak og filialar av utanlandske føretak om etterleving av forskrifta, sjå omtale på side 37. Finansdepartementet fastsette ei ny forskrift 15. november 2019 som tok til å gjelde 1. januar 2020. Finanstilsynet publiserte i desember 2019 eit rundskriv med rettleiing til krava i forskrifta.

Bustadlånndirektivet

I 2019 utarbeidde Finanstilsynet eit høyringsnotat med forslag til reglar som gjennomfører bustadlånndirektivet til EU. Finanstilsynet foreslo ei ny lov om låneformidling som òg skal gjelde formidling av andre lån til forbrukarar enn lån som direktivet regulerer. Sjå omtale på side 40.

Rentetak på forbrukslån

Finansdepartementet bad Finanstilsynet i november 2018 om å vurdere om det skulle innførast rentetak, og om å vurdere innspel til konkrete modeller for rentetak på forbrukslån. I svaret i mars 2019 peikte Finanstilsynet på at rentetak er eit inngripande verkemiddel og tilrådde at det bør haustast erfaring med gjennomførte tiltak på forbrukslånmarknaden før ein eventuelt vurderer nærmare om ein skal innføre rentetak. Sjå omtale på side 41.

Plattformer for lånebasert folkefinansiering

Finanstilsynet sitt forslag til reglar for lånebasert folkefinansiering frå 2018 har vore på høyring, og Finansdepartementet har varsla at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere folkefinansiering av lån til forbrukarar. Sjå omtale på side 41.

Rundskriv om finansagentar

I rundskrivet om finansagentar presiserte Finanstilsynet forbodet mot å bruke underagentar. Marknaden for forbrukslån er blitt svært uoversiktleg fordi mange finansagentar har knytt til seg underagentar som marknadsfører lån i eige namn. Sjå omtale på side 41.

Gjeldsinformasjonsverksemd

Tre føretak har fått løyve frå Barne- og familiedepartementet til å drive verksemd som gjeldsinformasjonsføretak. Verksemdene starta opp 1. juli 2019. Registera er viktige både når finansføretaka skal vurdere beteningsevna til kundane, og for å gi forbrukarane oversikt over si eiga gjeld. Sjå omtale på side 91.

Forsikringsformidlingsføretak

Finanstilsynet har gjennomført fleire tilsyn med forsikringsagentføretak som formidlar livsforsikring med investeringsval for utanlandske livsforsikringsføretak. Det er mellom anna avdekt formidling av forsikringar med komplekse underliggjande investeringar med høg risiko som ikkje har vore eigna til å dekkje behova til kunden. Sjå omtale på side 48.

Regelverk for garanterte pensjonsprodukt

Ei arbeidsgruppe har vurdert regelverket for garanterte pensjonsprodukt, og Finanstilsynet har fått i oppdrag av Finansdepartementet å utarbeide eit utkast til regelverksendringar basert på rapporten til arbeidsgruppa. Sjå omtale på side 50.

Informasjon og rådgiving i innskotspensjonsordningar

I dei fleste ordningane for innskotspensjon kan medlemmane velje eit anna investeringsalternativ for pensjonen sin enn det som arbeidsgivaren har valt. For at medlemmane skal kunne ta dei beste investeringsvala for eigen pensjonssparing, må dei få tilstrekkeleg og relevant informasjon. Finanstilsynet gjennomførte derfor i 2019 ei kartlegging av informasjonen og rådgivinga som blir gitt til medlemmar i innskotspensjonsordninga. Sjå omtale på side 48.

Marknadsåtvaringar

Finanstilsynet publiserte i 2019 seks åtvaringar mot norske føretak og éi åtvaring mot eit utanlandsk føretak som tilbydde investeringstenester utan nødvendige løyve. I tillegg publiserte tilsynet 1003 åtvaringar frå utanlandske tilsynsmyndigheiter. Sjå omtale på side 58.

Verdipapirføretak

Verdipapirhandellova sine krav til investorvern og handtering av interessekonfliktar står sentralt i tilsynet med verdipapirføretaka. Sjå omtale på side 60.

Verdipapirfond

Verdipapirfond er eit regulert spareprodukt med høg grad av investorvern gjennom lovgivinga. Tilsynet på dette området er i stor grad innretta for å sjå til at forbrukarinteressene blir varetekne. Sjå omtale på side 63.

Eigedomsmekling

Finanstilsynet prioriterer den delen av eigedomsmeklingsbransjen som driv med bustadformidling. Det er særleg viktig at forbrukarane i denne marknaden har nødvendig tillit til eigedomsmeklaren som formidlar bustaden og gjennomfører oppgjeret. Sjå omtale på side 78.

Inkassoverksemd – kjøp av misleghaldne lån

Justis- og beredskapsdepartementet oppnemnde i oktober 2018 ei arbeidsgruppe som skulle sjå på nærmare oppgitte problemstillingar i inkassolova. Finanstilsynet deltok i og var sekretær for arbeidsgruppa, som foreslo ei rekkje endringar for å styrkje forbrukarvernet. Gruppa la fram rapporten sin for departementet i januar 2020. Rapporten blir truleg send på høyring i løpet av første halvår. Sjå omtale på side 82.

Aktuelle tema

Finanstilsynets regulatoriske sandkasse for fintech

Den regulatoriske sandkassen for fintech blei opna for søknader 12. desember 2019. Fristen for å delta i første pulje var 12. februar 2020. Finanstilsynet mottok ti søknader før fristen gjekk ut, og to søknader kom i etterkant.

I den regulatoriske sandkassen kan fintech-verksemder få prøve ut nye, innovative produkt, teknologiar og tenester under oppfølging av Finanstilsynet. Sandkassen inngår i eit breiare informasjons- og rettleiingsinitiativ overfor fintech-verksemder som skal bidra til auka teknologisk innovasjon og fleire nye aktørar i den norske finansmarknaden. Høvet til å teste ut ny teknologi kan bidra til nye forretningsmodellar der nye aktørar anten utfordrar dei etablerte føretaka eller samarbeider med dei. Det kan òg bidra til å auke fintech-verksemder si forståing av dei regulatoriske krava som blir stilte, og til å gi Finanstilsynet større forståing av nye teknologiske løysingar.

Finanstilsynet publiserte i november 2019 nokre nye temasider på nettstaden som er spesielt retta mot fintech-verksemder. Sidene inneheld informasjon om gjeldande regelverk og konsesjonskrav, lenkjer til aktuelle og relevante publikasjonar og informasjon om eit felles kontaktpunkt som vil koordinere alle førespurnader. Temasidene inneheld òg informasjon om sandkassen, kriteria for å delta og søknadsskjema og -fristar. Finanstilsynet gir fintech-verksemder løpande rettleiing om regelverk, søknadsprosessar og konsesjonskrav.

Finanstilsynet har lagt vekt på god dialog med relevante aktørar for å få innspel og vurderingar i arbeidet med sandkassen. Det er gjennomført fleire møte med representantar for potensielle brukarar og med andre tilsynsmyndigheiter. Finanstilsynet har dialog med tilsvarande miljø i andre land, og tilsynet deltek i relevante europeiske forum for å utveksle erfaringar og synspunkt.

Berekraftig finans – klimarisiko

Finansmarknader og finansføretak blir påverka av fysiske klimaendringar og av omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Finansføretak blir eksponerte for klimaendringar gjennom utlån, forsikringsforpliktingar og investeringar i aksjar, obligasjonar og eigedom. Oppfølginga av korleis føretaka handterer klimarisikoen er derfor eit tema for finanstilsynsmyndigheitene i mange land, og dei arbeider med å utvikle tilsynsverktøy for å følgje opp klimarisikoen.

Finanstilsynet gjennomførte i 2019 aktivitetar knytte til klimarisiko som ein del av det løpande tilsynsarbeidet. Tilsynet følgde opp at forsikringsføretaka og bankane vurderer klimarisikoen, og temaet blei drøfta på stadlege tilsyn og i møte med føretaka. Relevant og god informasjon om «grøne» investeringsalternativ og risiko knytt til slike produkt er eit sentralt element i forbrukarvernet, og tilsynet følgde marknaden for grønne investeringsprodukt i 2019.

Finanstilsynet byggjer kunnskap og kompetanse om klimarisiko mellom anna ved å delta i Network for Greening the Financial System (NGFS) og i arbeidet med dette i det europeiske tilsynssamarbeidet. Som ledd i formidlinga av relevant kunnskap blei ulike problemstillingar og analysar knytte til klimarisiko omtalte i *Finansielt utsyn* i 2019, og det blei oppretta ei temaside med klimarelatert informasjon på nettstaden til Finanstilsynet.

Gjeldsinformasjonsverksemd

Gjeldsinformasjonslova tok til å gjelde 1. november 2017 og har som formål å leggje til rette for sentrale register for å registrere usikra lån til norske forbrukarar. Betre informasjon om dei usikra låna til kunden vil styrkje grunnlaget for kredittvurderingane til bankane og bidra til eit meir komplett bilete av korleis gjelda til hushalda utviklar seg.

Barne- og familiedepartementet har gitt Gjeldsregisteret AS, Norsk Gjeldsinformasjon AS og Experian Gjeldsregister AS løyve til å drive verksemd som gjeldsinformasjonsføretak.

Finanstilsynet fører tilsyn med gjeldsinformasjonsføretaka. Alle finansføretak har plikt til å gjere gjeldsopplysningar tilgjengelege for gjeldsinformasjonsføretaka. Samtidig vil dei nye gjeldsregistra gi bankar og finansieringsføretak informasjon om kor mykje forbruksgjeld lånsøklarar har, og dermed bidra til eit betre grunnlag for kredittvurderingar, og dei vil òg kunne førebyggje gjeldsproblem blant enkeltpersonar.

Gjeldsinformasjonsføretaka publiserer statistikk over usikra lån og enkelte andre typar lån. Lån i finansieringsføretak som kjøper porteføljor av misleghaldne lån, og lån som er gitt av utanlandske føretak som driv grensekryssande verksemd, er inkluderte i statistikken til gjeldsinformasjonsføretaka. I tillegg omfattar statistikkane lån som er sikra med tredjepersonspant (pant i eit formuesgode som skyldnaren ikkje eig), og billån med salspant som er eldre enn fem år. Lån med fleire låntakarar blir registrerte fullt ut for kvar av låntakarane i gjeldsregistra. Desse dataa er ikkje med i Finanstilsynet si undersøking av finansføretaka si yting av lån utan sikkerheit. Dei totale utlåna i statistikken frå gjeldsregistra vil derfor vere høgare enn tala Finanstilsynet publiserer.

Gjeldsregisteret AS publiserte i september 2019 tal som viste ei samla registrert gjeld på om lag 170 milliardar kroner. Justert for effekten av lån med medlåntakarar var utlånsvolumet oppgitt til 154 milliardar kroner.

Lovbrottsgebyr og leiingskarantene

Finanstilsynet sende i desember 2019 eit utkast til høyringsnotat til Finansdepartementet der det foreslår nye reglar som vil gi Finanstilsynet tilgang til å leggje gebyr for brot på føreseger i finansføretakslova, lova om forsikringsverksemd, lova om forvaltning av alternative investeringsfond og dei tidlegare foreslåtte nye lovane om forsikringsformidling og låneformidling.

I høyringsnotatet foreslo Finanstilsynet også nye reglar som vil gi tilsynet tilgang til å forby ein person å ha leiingsfunksjonar i føretak under tilsyn (leiingskarantene). Forslaget gjeld for finansføretakslova, verdipapirfondlova, lova om forvaltning av alternative investeringsfond og i dei tidlegare foreslåtte lovane om forsikringsformidling og låneformidling. I tillegg omfattar forslaget nøkkelinformasjon om samansette og forsikringsbaserte investeringsprodukt.

Forslaget har som formål å leggje til rette for fleire tilsynsmessige verkemiddel i tråd med reglane i EU.

Finanstilsynet har tidlegare varsla at det vil gjere ei samla vurdering av behovet for administrative sanksjonar også etter finansføretakslova i lys av mellom anna innføring av slike sanksjonar på verdipapirirområdet. Forslaget til Finanstilsynet er til vurdering i Finansdepartementet.



**STYRING OG KONTROLL
I VERKSEMDA**

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Styringsstruktur og rapportering

Styret i Finanstilsynet, som Finansdepartementet har oppnemnt for fire år om gongen, har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Finanstilsynsdirektøren, som er tilsett for eit åremål på seks år, med høve til å halde fram i seks år til, står for den daglege leiinga.

Finanstilsynet er delt inn i tre tilsynsavdelingar og éi administrasjonsavdeling. Avdelingane blir leidde av kvar sin avdelingsdirektør. Kvar avdeling er delt inn i seksjonar, og kvar seksjon blir leidde av ein seksjonssjef. Funksjonen for mellom anna juridisk kvalitetssikring er plassert i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for ekstern og intern kommunikasjon. Avdelingsdirektørane for dei tre tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren deltek i leiargruppa til Finanstilsynet.

Verksemda til Finanstilsynet er lovregulert gjennom finanstilsynslova. Tilsynslova er supplert av særlovgiving på dei ulike tilsynsområda. Kwart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda, som saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er grunnlaget for årlege planar for verksemda. Styret vedtok strategien for 2019–2022 i desember 2018. Planane for verksemda er grunnlaget for den daglege styringa og for rapporteringa til styret.

Tildelingsbrevet er det sentrale styringsdokumentet i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilsynet. Etter første og andre tertial rapporterer Finanstilsynet kva som er gjennomførte aktivitetar, samanlikna med planlagde aktivitetar i planen for verksemda, og rapporterer om andre saker og i tråd med bestillinga i tildelingsbrevet. Denne rapporteringa er ein del av grunnlaget for departementet si evaluering av måloppnåinga til Finanstilsynet. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsmeldinga.

Styret har møte kvar månad og behandlar mellom anna viktige tilsynssaker, til dømes tildeling og inndraging av løyve, budsjett og planar for verksemda. Styret får jamleg rapportar om verksemda. Styreleiaren deltok i tre møte med Finansdepartementet i 2019.

Finanstilsynet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet på alle område og utarbeider òg årlege risikoanalysar for eiga verksemd. Desse analysane blir forankra i styret gjennom behandlinga av planen for verksemda og sende til Finansdepartementet.

Finanstilsynet er underlagt årleg revisjon frå Riksrevisjonen. Sjå kapittel VI *Årsrekneskap* på side 99.

Effektiv drift og organisasjonsutvikling

Effektivisering og digitalisering

Finanstilsynet har i mange år satsa på IT-systemutvikling for å møte auka rapporteringskrav og for å gjere saksbehandlinga meir effektiv. Dette arbeidet blei vidareført i 2019.

Mot slutten av 2019 fastsette Finanstilsynet ein digitaliseringsstrategi med mål, prinsipp og planar for digitaliseringsarbeidet dei neste åra. Digitaliseringsstrategien tek utgangspunkt i Finanstilsynet sin strategi for 2019–2022 og hovudmålet for Finanstilsynet, som er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. For at målet til tilsynet skal bli oppfylt, må tilsynsverksemda vere effektiv og risikobasert, og Finanstilsynet må ha dei nødvendige IT-støttefunksjonane.

Ny teknologi gjer samhandling, automatisering, informasjonsforvalting og analyse lettare. Nye og omfattande rapporteringskrav gir store mengder data som i større grad enn i dag kan utnyttast i tilsynsverksemda. Ein moderne og fleksibel IT-arkitektur, god tilgang til data

og digital kompetanse er ein føresetnad for å kunne dra nytte av moglegheitene digitalisering kan gi over tid.

Hausten 2018 starta Finanstilsynet ein intern teknologi-moglegheitsstudie som henta inn innspel frå medarbeidarar og kartla behov og moglegheiter for å effektivisere tilsynsverksemda og interne arbeidsprosessar ved hjelp av digitalisering. Studien gav viktige innspel til arbeidet med digitaliseringsstrategien. Fleire av forslaga blei følgde opp i 2019, som innføring av betre digitale samhandlingsverktøy og utvida bruk av moderne analyseverktøy.

Forslaga i teknologimoglegheitsstudien tok òg opp bruk av robotisering, maskinlesing/-læring og kunstig intelligens. Finanstilsynet har sett i gang eit pilotprosjekt som testar maskinlesing og robotisering av enkelte oppgåver, til dømes kontroll av prospekt og årsrapportar. Prosjektet vil bidra til å utvikle kunnskap og metodar som kan brukast på fleire område.

Eit forbettrings- og effektiviseringstiltak i 2019 var å ta i bruk programmeringsspråket «Python» til automatisering, dataintegring og dataanalyse. Hausten 2019 blei det lansert ei ny uttrekksløyse som vil effektivisere arbeidet med å trekkje ut og bruke data.

Finanstilsynet har effektivisert og automatisert innrapporteringa frå forvaltarar av alternative investeringsfond. Innrapporteringsløyse har ført til fleire automatiske valideringar og tilbakemeldingar til rapportørar og har dermed gjort rapporteringsoppfølginga meir effektiv.

Finanstilsynet hadde 110 aktive Altinn-skjema ved utgangen av 2019. Det har forenkla og effektivisert arbeidet for både Finanstilsynet og verksemdene som er under tilsyn. Innrapporteringa av korleis føretaka etterlever bustadlånfskrifta og forskrift om forbrukslån, skjer til dømes nå via Altinn. Alle bankar sender søknader om kapitalendringar via Altinn, og tilsynet arbeider med ei tilsvarande løyse for forsikringsføretak og pensjonskassar.

Digitaliseringsstrategi for Finanstilsynet 2020–2022

Digitaliseringsstrategien viser korleis Finanstilsynet vil bruke IT-system, digitale verktøy og data til å realisere måla i hovudstrategien for 2019–2022. Han gir ein ambisiøs plan for digitalisering i Finanstilsynet innanfor fire breie satsingsområde:

1 Datadrive og risikobasert tilsyn

- Gi enklare tilgang til og betre utnytting av data
- Automatisere prosessar for å frigjere fagressursar til kjerneoppgåver

2 Effektiv samhandling og kommunikasjon

- Effektivisere arbeidsprosessar gjennom betre intern samhandling
- Forbetre og forenkla kommunikasjonen med eksterne

3 Fleksibel og kostnadseffektiv IT-arkitektur

- Styrkje endringsevna i IT-porteføljen til Finanstilsynet
- Støtte opp under kostnadseffektiv drift og sikker og effektiv dataflyt

4 Digital kompetanse

- Styrkje kontrollen med og utviklinga av sentrale IT-løysingar
- Betre utnytting av IT-systema til Finanstilsynet

Organisasjonsutvikling

Avdeling for digitalisering og analyse

Behovet for å forenkle og effektivisere verksemda gjennom digitalisering og samordning av arbeidet med IT-utvikling, rapportering og analysar på tvers av organisasjonen var den viktigaste grunnen til at Finanstilsynet endra organisasjonsstrukturen i 2018 og oppretta ei avdeling for digitalisering og analyse. Oppgåvene til avdelinga omfattar rapportering frå føretak under tilsyn, analyse, makroøkonomisk overvaking, tilsyn med IKT og betalingstenester og intern IT-utvikling og drift.

Den nye avdelinga skal bidra til betre samordning og samarbeid mellom sentrale brukarar og IT-miljøet, og til betre styring av tenestekjøp.

Ny seksjon for antikvitvasking og betalingsføretak

Då Finanstilsynet fastsette ein ny strategi, blei «nedkjemping av kriminalitet» teke inn som eit nytt delmål. Dette delmålet omfattar mellom anna tiltak mot kvitvasking og følgjer opp eit behov for å auke og effektivisere tilsynet med føretaka si etterleving av kvitvaskingslova og styrkje den faglege kompetansen på området.

For å styrkje og samordne innsatsen til Finanstilsynet mot kvitvasking blei det 1. april 2019 oppretta ein ny seksjon for antikvitvasking og betalingsføretak i avdeling for bank- og forsikringstilsyn.

Internkontroll

Finanstilsynet har ein oversiktleig organisasjon med klare ansvars- og fullmaktsforhold og linjestyring. Det finst felles rutinar og retningslinjer for verksemda, inkludert saksbehandlings- og tryggleiksrutinar. I tillegg er det utarbeidd arbeidsrutinar og sjekklister som er tilpassa dei ulike tilsynsområda. Alle retningslinjer og rutinar blir jamleg oppdaterte. Det er fastsett etiske retningslinjer for alle tilsette som blir gjennomgått med jamne mellomrom.

Basert på risikovurderingane som Finanstilsynet har gjort for tilsynsområda, blir det utarbeidd seksjons- og avdelingsvise verksemdsplanar. Det blir òg utarbeidd ein verksemdsplan for Finanstilsynet samla sett for å synleggjere aktivitetane opp mot delmål og styringsparametrar. Leiinga følgjer opp verksemdsplanane gjennom året for å sikre at ressursinnsatsen og resultatane er i samsvar med planar og prioriteringar, og at avvik blir forklarte og følgde opp. Om nødvendig blir planar tilpassa nye behov og føresetnader som oppstår gjennom året.

Den største risikoen for verksemdsutøving er knytt til evna til å ha god nok fagkompetanse på dei ulike tilsynsområda. Finanstilsynet legg derfor vekt på god leiing og personalpolitikk. HR-funksjonen deltek aktivt i arbeidet med rekruttering og personalutvikling.

Dei administrative funksjonane til Finanstilsynet er støttefunksjonar til forvaltings- og tilsynsverksemda. Arkivsystemet er oppgradert, og elnnsyn-løysinga er implementert. Oppgåvene til økonomifunksjonen omfattar offentlege anskaffingar, budsjett og rekneskapsoppfølging. Finanstilsynet har inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om levering av lønns- og rekneskapstenester og med Statens innkrevjingsssentral om innkrevjing av tilsynsavgift.

Anskaffingar av IT-løysingar og oppfølging av IT-utvikling er lagt til IT-funksjonen i samarbeid med leiinga av dei andre avdelingane. Det er etablert styringsgrupper for kvart tilsynsområde. Eit porteføljestyre legg til rette for prioriteringar for den samla verksemda. Vurderingane til porteføljestyret gir grunnlag for avgjerder av direktør og styre.

Tilsynet har ein intern kontrollar som fører tilsyn og kontroll med etterlevinga av dei etiske retningslinjene og andre retningslinjer og rutinar for verksemda. Kontrollaren rapporterer til styret.

Det blei ikkje avdekt vesentlege svake sider, feil eller manglar gjennom internkontrollen i 2019. Finanstilsynet vurderer at internkontrollen gir eit godt grunnlag for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av relevant regelverk, interne retningslinjer og rutinar. Verksemda er prega av stor grad av stabilitet, og det oppstår sjeldan feil eller vesentleg svikt i rutinane.

Tryggleik og beredskap

Finanstilsynet legg vekt på å vareta tryggleiken og ha beredskap for moglege kriser i enkeltføretak, finansiell infrastruktur og marknader. I tillegg har tilsynet beredskap for eventuelle hendingar i eigen organisasjon. Interne rutinar knytte til tryggleik og beredskap blei oppdaterte i 2019, og det blei gjennomført øvingar for eventuelle kriser i føretak og marknader og i eigen organisasjon. Finanstilsynet nyttar beredskaps- og krisehandteringssystemet CIM i beredskapsarbeidet.

Finanstilsynet heldt fram arbeidet med informasjons-tryggleik. Finanstilsynet svarte på fleire spørjeundersøkingar om informasjonstryggleiken i verksemda og om styringssystema for informasjonstryggleiken. Interne styringsdokument er oppdaterte, slik at dei er i samsvar med gjeldande regelverk og tilsynet sine behov. Det blei òg arbeidd med å etablere verktøy som gir betre moglegheiter for å oppdage brot på tryggleikstilskot. For å auke medvitet blant medarbeidarane blei det òg gjennomført nasjonal sikkerheitsmånad, med tilbod om e-læringskurs for alle tilsette, for å auke kunnskapen om e-postbruk og faren for nettsvindel.

Finanstilsynet gjennomførte brann-/evakueringsøvingar i samarbeid med Noregs Bank i 2019.



VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Éin finansmarknad i EØS

Ansvarsområda til Finanstilsynet er blitt utvida dei seinare åra, først og fremst gjennom omfanget av EU-regelverk som blir teke inn i norsk rett, men òg som følgje av at Finanstilsynet har fått ansvar for tilsyn med nye aktørar. Kompleksiteten i regelverket aukar, og Finanstilsynet ventar framleis auke i nye og krevjande oppgåver som følgje av nytt regelverk.

Den grensekryssande aktiviteten til finansføretaka og tverrnasjonale etableringar innanfor EØS aukar, og samarbeidet med tilsynsmyndigheitene i andre land blir stadig meir omfattande. Tilsynssamarbeidet er viktig for å vere best mogleg i stand til å identifisere risikoar og føre eit godt tilsyn med konsern og føretak som opererer på tvers av landegrensene. Tilsynssamarbeidet i EØS er òg ein viktig arena for Finanstilsynet for å bidra i utviklinga av relevant regelverk som skal gjelde finanssektoren i EØS. Tilsynssamarbeidet i EØS er viktig, men ressurskrevjande.

Formålet med felles reglar og felles tilsynspraksis i EØS er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader i heile EØS-området. Handlingsrommet for nasjonal tilpassing av finansmarknadsreguleringa er avgrensa, og krava til felles europeisk tilsynspraksis avgrensar handlingsrommet til Finanstilsynet når det gjeld prioriteringar og arbeidsmåtar.

Nye risikoar i finansmarknadene

Nytt regelverk har opna for nye aktørar og nye forretningsmodellar. Digitaliseringa har opna for at nye aktørar kan utfordre dei etablerte føretaka, mellom anna når det gjeld betalingstenester. Digitalisering kan innebære auka sårbarheit. Finanstilsynet følgjer med på utviklinga av ny finansiell teknologi og regelverksutviklinga internasjonalt på dette området. Tilsynsverksemda som er retta inn mot nye aktørar og forretningsmodellar, må særleg vareta omsynet til robustheit og forbrukarvern.

Risikoen for uønskte hendingar knytte til operasjonell svikt eller digital kriminalitet har auka, og konsekvensane av slike hendingar får større ringverknader. Dette må følgjast opp gjennom tilsyn. Det er ei krevjande og viktig oppgåve for Finanstilsynet å bidra til å avgrense konsekvensane av uønskte hendingar.

Klimaendringane, og korleis samfunnet tilpassar seg til dei, kan påverke den finansielle stabiliteten. Finanstilsynet må tilpasse oppfølginga av finansføretaka til nye risikoar og sårbarheiter og til internasjonale tiltak og

tilrådingar. Eit nytt EØS-relevant regelverk som skal fange opp klimarisiko, er under arbeid i EU. Finanstilsynet deltek i arbeidet internasjonalt og er med og vurderer relevante tilsynsmetodar, mellom anna stresstestar.

Prioritering av tilsynsarbeidet

Oppgåvene til Finanstilsynet er omfattande. Gjennom tilsynsverksemda skal Finanstilsynet vurdere etterlevinga av lovkrav, risikoeksponering, åttferd overfor forbrukarar og investorar og dessutan styring og kontroll i føretaka, inkludert stabiliteten i teknologiske løysingar. I tillegg har Finanstilsynet ei rekkje løpande oppdrag frå Finansdepartementet knytte til mellom anna regelverksutvikling og utgreiing av andre spørsmål. Det kan vere ei utfordring for Finanstilsynet å halde oppe eit tilfredsstillande nivå på den løpande tilsynsverksemda.

Finanstilsynet må òg så framover utvikle det risikobaserte tilsynet i tråd med endringar i marknadene og pliktene i EØS. I denne samanhengen er det viktig å utnytte tilgjengelege data og nye digitale verktøy. Relevante og tilgjengelege data er eit viktig grunnlag for tilsynsarbeidet for å kunne identifisere risikoar tidleg, både i enkeltføretak og i marknadene. Finanstilsynet må òg så i åra som kjem, rekruttere og utvikle god analytisk kapasitet, knytt til dataa tilsynet får frå føretaka, og til meir overordna makroøkonomisk overvaking.

I Europa er det avdekt alvorleg svikt i korleis føretaka etterlever regelverket som skal førebygge kvitvasking av pengar og terrorfinansiering. Kvitvasking av pengar og terrorfinansiering kan innebære store samfunnskostnader. Førebygging av kvitvasking og terrorfinansiering vil krevje eit tettare samarbeid om handtering av risikoar, analysar og bruk av tiltak internasjonalt. Finanstilsynet har trappa opp tilsynet med korleis føretaka etterlever kvitvaskingsregelverket. Ei ytterlegare opptrapping av tilsynsverksemda på dette området må vurderast på bakgrunn av dei samla tilsynsressursane til Finanstilsynet.

Ulovleg verksemd kan svekkje tilliten til finansmarknadene og undergrave verksemda i føretak som har nødvendige løyve og driv verksemda si innanfor gjeldande reglar. Finanstilsynet opplever auka forventingar til at det skal følgje opp ulovleg verksemd, til dømes aktørar som opererer utanfor eller i randsona av regulering og tilsyn, og som gir eit feilaktig inntrykk av å vere regulerte og under tilsyn. Oppfølging av ulovleg verksemd er ressurskrevjande, og verksemdene kan ofte vere små. I prioriteringane må tilsynsaktivitetar retta mot desse føretaka vurderast opp mot tilsynsaktivitetar som er retta mot føretak med konsesjon.

Investorvern og forbrukarvern

Forbrukarane må i aukande grad ta eit større ansvar for korleis sparte midlar blir forvalta. Ein omfattande overgang frå garanterte tenestepensjonar til innskotsbasert pensjonssparing bidreg særleg til dette. Nye reglar for verdipapirmarknaden har viktige føresegner om forbrukarvern og investorvern, mellom anna om kva plikter føretaka har når det gjeld produkthandtering, og kva høve Finanstilsynet har til å forby produkt som ikkje eignar seg for forbrukarar. Reglane skal bidra til at føretak som yter investeringsrådgiving, har den kunnskapen og kompetansen som er nødvendig for å sikre etterleving av krava til god forretningsskikk og andre reglar om investorvern og forbrukarvern.

Finanstilsynet er krisehandteringsmyndigheit

Finanstilsynet blei peikt ut som krisehandteringsmyndigheit frå 1. januar 2019. Regelverket for krisehandtering av bankar, verdipapirføretak m.m. stiller krav til kriseberedskapen til føretaka og tilsynsmyndigheitene og inneber ei vesentleg utviding av oppgåvene til Finanstilsynet. Finanstilsynet skal utarbeide krisetiltaksplanar for alle kredittinstitusjonar, vidareutvikle den interne beredskapen i samsvar med det nye og omfattande EØS-regelverket og samarbeide tett med andre nasjonale tilsynsmyndigheiter.

Verksemda til Finanstilsynet

Tilsynsverksemda til Finanstilsynet skal vere risikobasert. Det er likevel gitte rammer som i stor grad gjer at Finanstilsynet har avgrensa høve til sjølv å prioritere i tråd med det risikobaserte tilsynet. Finanstilsynet må, innanfor ramma av regelverket, føringar i EØS-samarbeidet, tildelte ressursar og spesifiserte aktivitetskrav i tildelingsbrevet, prioritere aktivitetar som Finanstilsynet samla sett meiner bidreg mest til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

I tilsynsverksemda må det leggjast avgjerande vekt på risikoen for, og konsekvensane av, alvorlege hendingar og brot på regelverket, som er viktig for Finanstilsynet sitt mål om finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å identifisere og setje i verk tiltak som kan gi ei betre og meir effektiv verksemd. Effektivisering og forenkling er nødvendig for at Finanstilsynet skal kunne vareta nye ressurskrevjande oppgåver og samtidig oppretthalde eit forsvarleg aktivitetsnivå på alle tilsynsområda.

Digitalisering og utnytting av IT-verktøy har bidrege, og skal i framtida bidra til, ytterlegare effektivisering gjennom automatisering, meir effektive rapporterings- og analyseløysingar og betre informasjons- og samhandlingskanalar.



ÅRSREKNESKAP

ÅRSREKNESKAP

Kommentar frå leiinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, med tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedom og gjeld i Finanstilsynet i 2019.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. Budsjettet for 2019 til driftsutgifter (post 01) var opphavleg på 389,4 millionar kroner. Budsjettet auka med 5,0 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjeret. Inkludert overførte midlar på 14,8 millionar kroner frå 2018 var den samla disponible utgiftsramma til drift 409,2 millionar kroner. Samanlikna med det salderde budsjettet for 2018 blei driftsbudsjettet styrkt med 18,2 millionar kroner i 2019.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øyremerk IT-utviklingsprosjekt, og ubrukte midlar kan overførast til seinare budsjettår, uavhengig av driftsutgiftene. I budsjettet for 2019 blei det løyvd 26 millionar kroner, og saman med overførte midlar frå 2018 på 13,7 millionar kroner var den disponible utgiftsramma 39,7 millionar kroner. Midlane blir nytta til å modernisere registera, saksbehandlingsverktøya og nettløysinga til tilsynet. Arbeidet med å utvikle og tilpasse IT-system for å tilfredsstille europeiske rapporteringskrav og nødvendig analyse av tilgjengeleg informasjon har gått for seg over fleire år, og det vil halde fram i dei kommande åra òg.

Løyvingsrapporteringa viser at utgiftene i 2019 summerte seg til 449,4 millionar kroner til saman, ein auke på 11,8 prosent frå 2018. Mindreutgiftene for post 01 *Driftsutgifter* blei i underkant av 9,5 millionar kroner, som Finanstilsynet har søkt overført til 2020. Mindreutgifter for post 45 blei 7,3 millionar kroner og er søkt overførte til 2020. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 313,1 millionar kroner, som er 14,0 prosent meir enn i 2018. Lønn utgjør 73,4 prosent av det som blei utgiftsført til drift i 2019. Styrkinga av budsjetttramma både i 2018 og i 2019 blei i hovudsak brukt til å tilsetje fleire. Talet på utførte årsverk var berekna til 279 i 2019, mot 257 i 2018. Veksten i

lønnsutgiftene kan òg forklarast med auka pensjonspremie til Statens pensjonskasse og lønnsvekst. Utgiftene til pensjonspremie var på 34,2 millionar kroner i 2019, ein auke på 33,2 prosent frå 2018. Sjå nærmare omtale av talet på tilsette i Finanstilsynet på side 13. Mindreutgifter for post 01 *Driftsutgifter* samanlikna med budsjettet kan mellom anna forklarast med at tilsetjingane i dei nye stillingane tok lengre tid enn forventa.

Utbetalingar til investering og andre utbetalningar til drift (jf. artskontorrapportering) viser ein auke på 7,1 prosent frå 2018. Veksten skriv seg frå kjøp av tenester til utvikling av IT-system. Planlagde IT-system for å vareta krav frå EU som blei forseinka i 2018, er no ferdigstilte. Samtidig har eit pågåande prosjekt for å greie ut val av hovudarkitektur for Finanstilsynet si IT-satsing ført til at fleire planlagde prosjekt blei utsette til 2020. Dette bidrog til at mindreutgifter på post 45 blei på 7,4 millionar kroner i 2019.

Finanstilsynet krev gebyr for kontroll av prospekt etter verdipapirhandellova for behandling av konsesjon til å drive verksemd som betalingsføretak og e-pengeføretak og for behandling av løyve etter inkassolova. Frå 2019 blei det òg krevd gebyr for behandling av løyve om å opptre som opplysningsfullmektige. Samla innbetaling var 10,9 millionar kroner i 2019, mot 12,0 millionar kroner i 2018. Mindreinntekter samanlikna med budsjettet blei 1,1 millionar kroner og kjem av at Finanstilsynet kontrollerte færre prospekt enn forventa då budsjettet blei utarbeidd. Gebyr for kontroll av prospekt var 10,3 millionar kroner i 2019, mot 11,4 millionar kroner i 2018.

Utgiftene til Finanstilsynet blir etter finanstilsynslova § 9 dekte av institusjonane som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordelast på dei ulike institusjonsgruppene etter omfanget av tilsynsarbeidet. Frå 2018 er det dei budsjetterte utgiftene i året som er utgangspunktet for fordeling. Tilsynsavgifta blir fordelt på det enkelte føretaket etter utfyllande reglar i forskrift om utlikning av utgifter ved tilsyn. Etter føregåande høyring hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane blei tilsynsavgifta send til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2019. Det samla kravet utgjorde 426,3 millionar kroner. I alt 14 855 tilsynseiningar var omfatta av utlikninga. Av desse var 84 utanlandske filialar. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, med 11 571 einingar ved inngangen til 2019.

Vinningsavståing og gebyr for regelbrot blir rekneskapsført under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse inntektene er ikkje ein del av grunnlaget for å rekne ut tilsynsavgifta. Med ny kvitvaskingslov og forskrift, som tredde i kraft i oktober 2018, fekk Finanstilsynet utvida myndigheit til å ileggje gebyr ved avdekking av regelbrot. Til saman blei det betalt 29,5 millionar kroner i gebyr i 2019.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2019 skal liggje føre innan 1. mai 2020 og vil bli publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 24. februar 2020

Morten Baltzersen
finansstilsynsdirektør

Prinsippnote for årsrekneskapan

Årsrekneskapan er utarbeidd etter retningslinjer fastsette i punkt 3.4 i føresegnen om økonomistyring i staten («føresegnene») og etter krav i rundskriv R-115 dagsett 17. desember 2019. Finanstilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Inntekter og utgifter blir rekneskapsførte når dei blir betalte. Rekneskapan følgjer kalenderåret og inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgifter og inntekter skal førast i rekneskapan med brutto beløp.

Finanstilsynet betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse, men følgjer ikkje føresegnene som er fastsette i Finansdepartementet sitt rundskriv R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter». Finanstilsynet fører pensjonsutgiftene i resultatrekneskapan etter faktisk berekna premie for rekneskapsåret. I 2019 blei det berekna 18,65 prosent pensjonspremie av fast lønn opp til 12 G, mot 15,55 prosent i 2018 og 10,4 prosent i 2017. Av dette betaler arbeidstakaren 2 prosentpoeng. Pensjonspremien blir betalt på etterskot fordelt på seks terminar i året. Den siste terminen for kalenderåret forfell til betaling året etter. Det blir derfor ei periodeforskyving for den siste terminen kvart år. Frå 2020 vil rekneskapsføringa av pensjonar bli lagd om for å unngå denne årlege periodeforskyvinga.

Utgiftene til arbeidsgivaravgifta blir berekna og rekneskapsførte for å vise dei totale lønnsutgiftene.

Finanstilsynet er tilknytt konsernkontoordninga til staten i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgangen til nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa med notar viser løyvingane som Finanstilsynet har hatt til disposisjon, saman med rekneskapsopplysningane som er rapporterte til statsrekneskapan.

Skatteetaten ved Statens innkrevjingsssentral er gitt belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og kapittel 5580, post 70. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har gitt Finanstilsynet særskilt løyve til å fråvike kravet til framstilling av løyvingsrapporteringar, slik dei er fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», punkt 3.4.3.2. Rapporteringa frå Skatteetaten / Statens innkrevjingsssentral går derfor fram av kolonnen «Postert av andre i samsvar med fullmakter». Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapan går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling». Løyve til å fråvike standard framstilling gjeld i første omgang til og med rekneskapsåret 2020.

Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa med notar viser Finanstilsynet si rapportering til statsrekneskapan i 2019 etter standard kontoplan i rekneskapsåret med samanlikningstal for 2018.

Note 8 viser forskjellen mellom avrekninga med statskassen og mellomrekninga med statskassen. Avrekninga med statskassen viser summen av bokført beløp i fordringar og gjeld i kontospesifikasjonen til Finanstilsynet, mens mellomrekninga med statskassen viser fordringar og gjeld som er rapporterte til statsrekneskapan.

Tabell 11: Oppstilling av løyvingrapportering for rekneskapsåret 2019

Utgifts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	409 244 000	399 767 065	9 476 935		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A, B	39 741 000	32 391 020	7 349 980		
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	17 278 392			
Sum utgiftsført					448 985 000	449 436 477			

Inntekts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2019	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A, B	12 000 000	10 636 000	-1 364 000	281 924	-1 082 076
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.	A, B	29 500 000		-29 500 000	29 550 069	50 069
5580	Sektoravgifter underlagde Finans- departementet	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	A, B	425 000 000	10 643	-424 989 357	425 811 500	822 143
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift SAP		0	38 942 604			
Sum inntektsført					466 500 000	49 589 247			

Netto rapportert til løyvingrekneskapen 399 847 230

Kapitalkontoar

60050601	Noregs Bank KK / innbetalingar	20 297 221
60050602	Noregs Bank KK / utbetalingar	-419 799 303
716106	Endring i mellomverande med statskassen	-345 148
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

		31.12.2019	31.12.2018	Endring
716106	Mellomverande med statskassen	-13 854 202	-13 509 054	-345 148

Note A Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post		Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
1602 01	Driftsutgifter	14 844 000	394 400 000	409 244 000
1602 45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	13 741 000	26 000 000	39 741 000
4602 03	Saksbehandlingsgebyr		12 000 000	12 000 000
4602 86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.		29 500 000	29 500 000
5580 70	Bidrag frå tilsynseiningane		425 000 000	425 000 000

Forklaring av inntekter og avgitte fullmakter

Kapittel og post		Samla tildeling	Regnskapsført av Finanstilsynet	Regnskapsført av andre	Samlede inntekter	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
4602 03	Saksbehandlingsgebyr	12 000 000	10 636 000	281 924	10 917 924	-1 082 076
4602 86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.	29 500 000		29 550 069	29 550 069	50 069
5580 70	Bidrag frå tilsynseiningane	425 000 000	10 643	425 811 500	425 822 143	822 143

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgitte belastingsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastingsfullmakter	Meirinntekter/ mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		9 476 935	0	9 476 935	0	9 476 935	19 720 000	9 476 935
1602 45	«Kan overførast»	7 349 980	0	7 349 980	0	7 349 980	51 400 000	13 741 456

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, eller summen av dei siste to åra med løyving for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne belastingsfullmakter

Finansdepartementet gav i brev dagsett 7. april 2016 Finanstilsynet høve til å postere lønn til prosjektleiar for IT-utviklingstiltak på kapittel 1602, post 45. Finanstilsynet nytta ikkje denne fullmakta i 2019.

Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema.

Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsført av andre)

Finanstilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkrevjingsentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Finanstilsynet fekk ikkje meirinntektsfullmakt i 2019.

Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 9 477 000 kroner. Beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og heile beløpet blir rekna som mogleg å overføre til 2019. Heile den ubrukte løyvinga på post 45 på 7 350 000 kroner kan overførast etter søknad.

Tabell 12: Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	10 636 000	11 746 400
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	0	0
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		10 636 000	11 746 400
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	313 105 638	274 728 416
Andre utbetalningar til drift	3	113 715 443	106 851 822
Sum utbetalningar til drift		426 821 082	381 580 238
Netto rapporterte driftsutgifter		416 185 082	369 833 838
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	5 337 003	4 348 411
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8 B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
Sum investerings- og finansutgifter		5 337 003	4 348 411
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		5 337 003	4 348 411
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	10 643	67 141
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		10 643	67 141
Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	0	0
Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		38 942 604	34 162 617
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		17 278 392	16 232 880
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-21 664 212	-17 929 737
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		399 847 230	356 185 370
Oversikt over mellomverande med statskassen			
Eigedelar og gjeld		2019	2018
Fordringar		36 000	13 500
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-13 743 830	-13 403 276
Skyldige offentlege avgifter		-146 372	-119 278
Anna gjeld		0	0
Sum mellomverande med statskassen	8	-13 854 202	-13 509 054

Note 1 Innbetalinger frå drift	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Prospektkontrollgebyr	10 336 000	11 356 400
Gebyr betalings- og e-pengeføretak	240 000	390 000
Gebyr opplysningsfullmektig	60 000	0
Sum innbetalinger frå gebyr	10 636 000	11 746 400
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>		
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Sum sals- og leigeinnbetalinger	0	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger frå drift	10 636 000	11 746 400

Note 2 Utbetalinger til lønn	31.12.2019	31.12.2018
Lønn	240 991 827	217 075 458
Arbeidsgivaravgift	38 942 604	34 162 617
Pensjonsutgifter	34 244 229	25 696 782
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-7 366 579	-8 148 858
Andre ytingar	6 293 558	5 942 417
Sum utbetalinger til lønn	313 105 638	274 728 416
Tal på utførte årsverk	279	257

Talet på utførte årsverk er berekna etter definisjonen i PM-2019-13.

I tidlegare årsrekneskap er talet på årsverk tilsvarande tilsette ved årsskiftet, korrigert for stillingsprosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift	31.12.2019	31.12.2018
Husleige	18 814 892	18 188 372
Vedlikehald eigne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	2 716 074	4 372 041
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	7 094 802	6 162 145
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr o.a.	384 890	1 264 745
Kjøp av mindre utstyr	377 838	537 646
Leige av maskinar, inventar og liknande	10 279 861	9 758 918
Kjøp av konsulenttenester	32 481 827	38 540 795
Kjøp av framande tenester	11 885 101	750 331
Reiser og diett	7 407 247	6 438 578
Andre driftsutgifter	22 272 911	20 838 251
Sum andre utbetalinger til drift	113 715 443	106 851 822

Notelinjene for kjøp av konsulenttenester og andre framande tenester er endra frå og med 2019.

Kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver blir no definert som kjøp av framande tenester, mot tidlegare kjøp av konsulenttenester.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	2 289 850	763 045
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	3 047 153	3 585 366
Sum utbetalt til investeringar	5 337 003	4 348 411
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og partsdelar	0	0
Sum utbetalt til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	31.12.2019	31.12.2018
Bidrag frå tilsynseiningane	10 643	67 141
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	10 643	67 141

Note 7 Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten	31.12.2019	31.12.2018
Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten	0	0

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen		31.12.2019	31.12.2019	
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler	Investeringar i aksjar og partsdelar*	0	0	0
	Obligasjonar	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar	Kundefordringar	0	0	0
	Andre fordringar	36 000	36 000	0
	Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
	<i>Sum</i>	36 000	36 000	0
Langsiktig gjeld	Anna langsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld	Leverandørgjeld	-7 346 670	0	-7 346 670
	Skyldig skattetrekk	-13 029 774	-13 743 830	714 056
	Skyldige offentlege avgifter	-146 437	-146 372	-65
	Anna kortsiktig gjeld	5 944 516	0	5 944 516
	<i>Sum</i>	-14 578 365	-13 890 202	-688 163
Sum		-14 542 365	-13 854 202	-688 163

* Verksemdar som eig finansierte anleggsmidler i form av investeringar i aksjar og selskapsdelar, fyller òg ut note 8 B.

Del B Spesifisering av investeringar i aksjar og selskapsdelar

	Kjøpsdato	Tal på aksjar	Eigardel	Stemmedel	Årets resultat i selskapet	Balanseført eigenkapital i selskapet	Balanseført verdi i rekneskapen
<i>Innskot</i> OBOS Banken, konto 9820.17.90980						1 366 291	
Balanseført verdi 31.12.2019						1 366 291	0

Innskotet på konto 9820.17.90980 tilhøyrrer Boligbyggelagenes sikringsfond.

FINANSTILSYNET

Revierstredet 3
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00
post@finansstilsynet.no
finansstilsynet.no

